



SFE

**BEREKRAFTSRAPPORT
2023**



SFE

Innhald

KLIKK PÅ TITTEL FOR Å GÅ TIL SIDA

1. Generell informasjon

Konsernsjefen har ordet	4
Grunnlag for utarbeiding av rapporten	5
Styring av verksemda	6
Leiinga og styret si rolle i berekraftsarbeidet	6
Informasjon til leiinga	7
Insentivordningar	7
Risikostyring og internkontroll for berekraftsrapportering	7
Strategi og forretningsmodell	8
Strategi, forretningsmodell og verdikjede	8
Interessentar og interessentdialog	11
Påverknader, risikoar og moglegheiter	12
Vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	12
Identifisering og vurdering av vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter	12

2. Klima og miljø

EU Taksonomi	14
E1 Klimaendringar	15
Påverknader, risikoar og moglegheiter	15
Retningslinjer	16
Tiltak og aktivitetar	16
Mål	18
Energiforbruk og samansetning	18
Klimarekneskap	19
E4 Natur og biologisk mangfald	20
Påverknader, risikoar og moglegheiter	20
Retningslinjer	21
Tiltak og aktivitetar	21
Mål	24
Indikatorar og måloppnåing	24
S5 Sirkularitet	26
Retningslinjer	26
Tiltak og aktivitetar	26
Mål	27

3. Sosiale tilhøve

S1 Eigne tilsette	29
Påverknader, risikoar og moglegheiter	29
Retningslinjer	29
Involvering av påverka interessentar	30
Varslingskanalar	30
Tiltak og aktivitetar	31
Mål	31
Eigne tilsette	32
Mangfald	32
Kompensasjonsmålingar (lønsgep og total kompensasjon)	32
Varslar og hendingar	32
S3 Lokalsamfunn	33
Påverknader, risikoar og moglegheiter	33
Retningslinjer	33
Involvering av påverka interessentar	33
Tiltak og aktivitetar	34

4. Forretningsmessige forhold

Bedriftskultur og retningslinjer	37
---	-----------

1. Generell informasjon

KONSERNESJEFEN HAR ORDET

Takk for meg

Som produsent av fornybar energi er vi ein viktig del av løysinga på klimautfordringane. Samtidig betyr all fornybar energiproduksjon bruk av natur. Omsynet til naturen vår er derfor heilt sentral når vi skal utvikle verksemda vår vidare.

2023 har vore eit år der vi har gjort store endringar i konsernet vårt. Nettselskapet Linja, fusjonerte med Mørenett i mars og vi har tilpassa organisasjonen vår til det nye, med kraftproduksjon som kjerneverksemd. Arbeidet med miljø og berekraft er løfta fram og har ei sentral rolle. FNs berekraftsmål er retningsgjevande for arbeidet vårt. Vi har valt ut nokre mål som vi ønskjer å fremje, til dømes berekraftsmål nr.7: Rein energi til alle og berekraftsmål nr. 17: samarbeid for å nå måla. Fjoråret var året vi tok berekraftsmål nr. 17 til eit nytt nivå. Det vart bestemt å styrke aktiviteten i avdelinga Berekrafts-



Ny konsernsjef

Eg er både stolt og audmjuk over å få leie eit selskap med so lange røter og med vasskraftkompetanse i verdensklasse. Mine ambisjonar er å byggje vidare på den solide plattformen SFE har skapt. Vi skal levere på samfunnsoppdraget vårt som er å halde fram med å bygge ut fornybar energi. Vi skal bruke dei moglegheitene vi har og jobbe aktivt for å søke nye prosjekt med mål om å auke produksjonen vår. Det handlar om å ta i bruk naturen på ein mest mogleg skånsom og berekraftig måte, for å hente ut fornybar energi. Vi skal behalde og utvikle lokale arbeidsplassar, og ikkje minst sikre verdiskaping for eigarane våre. Eg gler meg stort til å leie SFE inn i framtida. I lag med svært dyktige kollegaer skal vi arbeide trygt og målretta for å nå nye høgder i åra som kjem. Saman skaper vi den fornybare framtida.

– Knut Arild Flatjord

partner, ved å vidareføre denne satsinga i eit nytt eige dotter-selskap. Selskapet skal gjennom samarbeid med andre få bidra til auka aktivitet, nye lønsame arbeidsplassar og vere ein katalysator for det grøne skiftet i regionen vår. Hydrogen, landstraum og biogass blir fokusområde for det nye selskapet.

Berekraftsarbeidet i SFE handlar om økonomiske, sosiale og miljømessige forhold. Dette blir første berekraftsrapport inspirert av «Europeisk standard for rapportering av berekraft» (ESRS).

– Johannes Rauboti



GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV RAPPORTEN


I denne berekraftsrapporten er det gjort vesentlege endringar i omfang og struktur samanlikna med rapporten frå 2022. Årets rapport tek utgangspunkt i ESRS (European Sustainability Reporting Standard) sin struktur, og føremålet er å ta dei første stega mot krava som følger av EU sitt berekraftsrapporteringsdirektiv (CSRD). SFE førebur seg til å verte omfatta av CSRD i 2025, med første pliktige rapportering i 2026. I tida fram mot dette vil vi gå steg for steg slik at omstilling av verksemda vert satt i gang og rapportering vert innanfor alle krav i CSRD på det tidspunktet vi er omfatta.

Berekraftsrapporten er skriva for konsernet Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) og selskap som er konsolidert i årsrekneskapa til konsernet. Dei konsoliderte selskapa er SFE Produksjon AS med dotterselskap under dette, dvs. Svelgen Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS, Firdakraft AS og Lutelandet Energipark AS, samt Jølstra Kraft DA (konsolidert med bokført brutto). SFE er driftsoperatør for alle desse kraftverka, bortsett frå kraftverka i Jølstra Kraft DA (her er Eviny Fornybar AS operatør).

Dei andre selskapa i konsernstrukturen er definert som «tilknytt selskap» (TS). Av desse er SFE driftsoperatør for kraftverka til Gloppen Energi AS og delvis operatør for Innvik kraftverk AS. Når det gjeld Lutelandet Energipark AS er Nordex operatør for vindturbinane medan SFE har ansvar for høgspantanlegget, samt oppfølging av Nordex og forebyggjande vedlikehald/tilsyn av energiparken i sin heilskap. Under Sogn og Fjordane Energi AS er alle selskap definert som TS.

Linja AS var eit heileigd dotterselskap i SFE-konsernet fram til 01.03.2023. I denne rapporteringa har vi valt å halde Linja heilt utanfor. Ingen av dei andre tilknytte selskapa under SFE er inkludert i berekraftsrapporteringa for 2023.

KONSERNSTRUKTUR



STYRING AV VERKSEMDA

LEIINGA OG STYRET SI ROLLE I BEREKRAFTSARBEIDET

Konsernstyret har totalt ni medlemmer samansett av seks aksjonærvalde representantar og tre tilsettere representantar. Styret har to kvinnelege medlemmer valde av aksjonærane og ei kvinne valt av dei tilsette. Ingen av dei seks aksjonærvalde styremedlemmene har eigarinteresser i SFE og er såleis uavhengige av selskapet. Når det er tre tilsettrepresentantar i styret er det såleis 67 % av styret som er uavhengige.

Styreleiar Sigurd Reksnes (f.1977)

Stilling: Bonde. Utdanning: Agronom. Har praksis som folkevald i både kommune og fylkespolitikk og ei rekke verv i styrer, råd og utval.

Nestleiar Silje Skaar Sunde (f.1984)

Stilling: Leder for forvaltning og utbygging i BKK AS. Utdanning: Master i økonomi og administrasjon – siviløkonom og master i revisjon og regnskap frå NHH. Styremedlem i Sognekraft AS, Eviny Venture AS, NHO Vestland og Sunnfjord tomteselskap.

Styremedlem Sindre Kvalheim (f.1977)

Stilling: CEO i LocalHost og VYRD AS og styreverv i ei rekke sektorar. Utdanning: Bachelor programmering og systemutvikling og grunnfag jus ved Universitetet i Bergen. Har vore med på å bygge opp ei rekke teknologiselskap under investeringselskapet VYRD AS. Mest kjende er LocalHost, Lefdal Mine Datacenter og Videonor/Whereby.

Styremedlem Olin Johanne Henden (f.1972)

Stilling: Dagleg leiar i Henden Sport AS, Elvetun Eigedom AS og Henden Utvikling AS. Nestleiar og leiar av revisjonsutvalet



i Helse Vest fram til januar 2024. Utdanning: Bedriftsøkonom og fag innan styrekompetanse, strategi og endringsleiing ved Handelshøyskolen BI. Master i virksomhetsstyring ved Handelshøyskolen BI. Relasjonsleiing frå Oslo Met. Studerer no datatryggleik.

Styremedlem Arvid Andenæs (f.1954)

Stilling: Pensjonist. Utdanning: Master of Management frå Handelshøyskolen BI. Har vore Administrerende direktør i Sparebanken Sogn og Fjordane frå 2001 til 2016. Har også erfaring frå Sparebank 1 Nord Norge og Danske Bank.

Styremedlem Jan Helge Dale (f.1955)

Stilling: Kommuneoverlege i Kinn kommune. Utdanning: Spesialist i almenntmedisin og samfunnsmedisin. Har praksis som folkevald i Flora kommune og ei rekkje verv i styrer, råd og utval.

Styremedlem Mons Solheim (f.1968)

Tilsettere representant. Stilling: Energioperatør i SFE Produksjon. Utdanning: Elektro.

Styremedlem Kevin Denton (f.1980)

Tilsettere representant. Stilling: Fagleiar Produksjonsentral, SFE Produksjon AS. Utdanning: Elektronikkingeniør, Høgskolen i Bergen. Har tidlegare jobba i Siemens Olje og Gass i Bergen.

Styremedlem Ragnhild Gundersen (f.1979)

Tilsettere representant. Stilling: Forretningscontroller i SFE Produksjon AS. Utdanning: Master of Management – Corporate Finance frå Handelshøyskolen BI og Siviløkonom frå Høgskulen i Agder. Har jobba i SFE sidan 2008 med diverse oppgåver innan økonomi, finans, forretningsutvikling og prosjekt.

Det heileigde dotterselskapet SFE Produksjon AS har fem styremedlemmer, tre aksjonærvalde og to valde av og mellom dei tilsette. Styret har berre ei kvinne, ho er tilsettvald. Konsernet si leiargruppe har åtte medlemmer. To av desse er kvinner.

Fagområde berekraft vart frå juni 2023 organisert som eit eige team i stab/støtte-funksjonen i SFE Produksjon AS. Teamet hadde to tilsette i 2023. Teamleiar er ikkje medlem av leiargruppa i SFE, men legg fram saker til styret ved behov. Mellom anna fekk revisjonsutvalet og styret framlagt ei sak knytt til dei auka krava frå EU og behovet SFE dermed såg for å styrke fokus og innsats på ESG-området. Det vart vedteke å hente inn ekstern fagekspertise til å hjelpe SFE i det såkalla «ESG-prosjektet» som vart starta i 2023. Dette vart SFE sine eigarar også orientert om i eigarmøte. I samband med oppstart

av prosjektet deltok leiinga på kompetansehevings-samling om berekraft. Leiargruppa i SFE fungerer som referansegruppe og revisjonsutvalet i SFE vil motta jamleg rapportering frå prosjektet, og berekraftsspørsmål t.d. knytt til rehabilitering av kraftverk, vert drøfta i styret.

INFORMASJON TIL LEIINGA

Det er elles ikkje ei løpande formalisert rapportering knytt til berekraft inn mot leiinga og styret, men det vert orientert om relevante saker og tilhøve når det har vore aktuelt.

INSENTIVORDNINGAR

SFE har ingen insentivordningar i form av bonusar eller variabel lønn til tilsette. Dette gjeld også i forhold til å oppnå selskapet sine berekraftsmål.

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL FOR BEREKRAFTSRAPPORTERING

Frå rekneskapsåret 2025 vil SFE vere underlagt pliktig berekraftsrapportering og revisjonsutvalet vil ha ei sentral rolle i utforming av berekraftsrapporteringa og oppfølging av denne på same måte som revisjonsutvalet har ei sentral rolle i finansiell rapportering.

STRATEGI OG FORRETNINGSMODELL

STRATEGI, FORRETNINGSMODELL OG VERDIKJEDE

SFE er eit regionalt/lokalt eigd energiproduksjonsselskap som har som føremål å skape verdier basert på fornybare energiresursar. I dag er det i hovudsak energi frå vassressursar, men også frå vindressursar. SFE erkjenner at verda står i ei klima- og naturkrise. Vår største moglegheit og forretningsområde er å bidra til FN sitt berekraftsmål nr. 7 «Rein energi til alle». I tillegg har SFE valt ut fleire mål som vi har vurdert at selskapet har vesentleg påverknad på og moglegheiter til å bidra i riktig retning med.

Vår visjon er «**Vi skaper den fornybare framtida**». Denne kan vi påverke gjennom måten vi arbeider med fornybarprosjekta våre på, anten det gjeld drift-, vedlikehald-, rehabilitering av anlegg, eller nye prosjekt og forretningsområde. Dette har betydning for vårt bidrag til ein berekraftig kraftproduksjon og oppnåing av eigne, nasjonale og internasjonale berekraftsmål.


Produksjon av fornybar energi frå vasskraft har ei over 100 år lang historie i vår region, og midt i «det grønne skiftet» vil ivaretaking og auke i fornybar energiproduksjon vere ein føresetnad for å løyse klima- og naturkrisa med fokus mellom anna på å ta vare på livet på land og i vassdraga våre.



Samstundes bidreg SFE sin aktivitet med viktige verdier som bidreg til busetting i distrikta, kompetansearbeidsplassar og økonomiske ringverknader i lokalsamfunna; for kommunane, det lokale næringsliv, for grunneigarar og i det frivillige organisasjonslivet.

I samband med fornying av SFE Produksjon sin strategi i 2020 (gjeldande for 2021-25) var tilsette med miljøkompetanse involvert i utarbeiding av strategien for å ta i vare klima og miljø. Under overskrifta «ansvarleg og berekraftig kraftproduksjon»

fekk berekraft eit eige kapittel i mål- og strategiplanen. Det same gjaldt då innkjøpsstrategien til SFE-konsernet vart revidert året etter. Det må nemnast at i samband med strategiprosessen i SFE Produksjon hadde ein størst fokus på å implementere E-en (environment) i berekrafts-omgrepet, medan ein ved oppdatering av innkjøpsstrategien hadde ein breiare ESG-tilnærming. SFE har i seinare tid vridd fokuset til at berekraft handlar om meir enn klima og miljø, sjølv om klima og miljø opplagt er eit vesentleg tema for verksemda.






SFE er driftsoperatør for 28 av 33 heil- og deleigde kraftverk i områda Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Samla var konsernet sin energiproduksjon 2,030 TWh i 2023. Dette tilsvarar den årlege straumbruken til ca. 120.000 heimar.

Den fornybare energien som vert produsert i kraftverka vert i stor grad seld til sluttbrukarselskapet Wattn samt til kraftbørsar som NordPool og Nasdaq. Andre viktige produkt som selskapet sel er balanseringstenester som sikrar eit effektivt og driftssikkert straumnett kor Statnett er kunde. SFE sel også elsertifikat til norske og svenske sluttbrukarselskap samt opphavsgarantiar til norske og kontinentale kraftselskap. SFE tilbyr operatør- og konsulenttenester samt fysisk krafthandel inn mot småkraft, heil- og deleigde kraftverk/selskap. Våre kraftverk bidreg dermed til storsamfunnet med fornybar kraft, balansering av kraftsystemet og forsyningstryggleik, men òg med flaumdemning og minstevassføring i enkelte vassdrag.



Minstevassføringslepp frå bekkeinntak i Randalen, Østerbø kraftverk

Nedanfor følger ei framstilling av konsernet sine verdikjeder og kva berekraftstema som er særleg relevant for aktivitetane:



INTERESSENTAR OG INTERESSENTDIALOG

Under følger ei oversikt over dei viktigaste interessentgruppene som SFE påverkar og/eller vert påverka av, korleis vi samhandlar med desse og korleis desse synspunkta kan påverke strategi. Tabellen er ikkje utfyllande.

Kven	Korleis påverkar SFE desse?	Korleis påverkar desse SFE?	Korleis samhandlar ein?	Korleis påverkar dette SFE sin strategi?
Eigne tilsette	<ul style="list-style-type: none"> HMS Arbeidsmiljø Likestilling Mangfald og inkludering 	<ul style="list-style-type: none"> Kultur Omdøme 	<ul style="list-style-type: none"> 1:1 leiar / medarbeidar Gjennom arbeidsoppgåver og prosjekt Gjennom tillitsvalde og verneombod 	<ul style="list-style-type: none"> Innovasjonsevne Gjennomføringsevne
Leverandørar	<ul style="list-style-type: none"> Kjøp av varer og tenester Stille krav til pris, kvalitet, etikk og miljø 	<ul style="list-style-type: none"> Bidreg til å dekke SFE sine behov Utfordrar SFE sine krav til pris, kvalitet, etikk og miljø 	<ul style="list-style-type: none"> Leverandørdialog, konkurransegjennomføring og kontrakts-forhandlingar 	<ul style="list-style-type: none"> Gjennom innovasjon, teknologi, etikk og berekraft
Kundar: Børser, Statnett, sluttbrukarselskap, nettselskap, Statkraft	<ul style="list-style-type: none"> Påmelding av eigen produksjon/forbruk 	<ul style="list-style-type: none"> Agering/deltaking i kraftmarknaden Revisjonsarbeid på våre anlegg 	<ul style="list-style-type: none"> Byr inn pris, kraftmengd til børser og kraftkontraktar (fortrinnsvis elektronisk) Planlegg utetid gjennom dialog/elektronisk 	<ul style="list-style-type: none"> Pris på kontraktar påverkar strategi for kjøp/sal og revisjonsplanlegging
Kraft i Vest-kundar	<ul style="list-style-type: none"> Kunnskap og ny kompetanse, nettverksbygging 	<ul style="list-style-type: none"> Deltok i debatt, bringer nye tema på agendaen, nettverksbygging 	<ul style="list-style-type: none"> Samarbeid, dialog før, under og etter konferanse, nettverk, møter 	<ul style="list-style-type: none"> Skaper forståing, aksept og nye kunnskap om fornybar energiproduksjon, bidreg til omdøme
Lokalsamfunn (kommunar og naboar)	<ul style="list-style-type: none"> Bygger og driftar kraftverk i deira område og natur Ulemper i anleggstid (døme støy, transport) Vi brukar lokalt næringsliv / leverandørar Arbeidsplassar Utbyte, skattar og avgifter tilbake til lokalsamfunnet Sponsorsamarbeid og andre bidrag 	<ul style="list-style-type: none"> Potensielle ambassadørar av SFE Stiller krav til SFE Kjem med forslag/innspeil Legg til rette for samhandling og dialog Bidreg til å synleggjere SFE, t.d. gjennom sponsorsamarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> Via formelle konsesjons-prosessar Folkemøte knytt til prosjekt Møter med lokale grunneigarar, lag og organisasjonar Møter i politiske fora i kommunen Arrangement ilag (t.d. Opning av kraftverk, jubileum) Samarbeid med skular, kompetansedeling Sponsorsamarbeid Media 	<ul style="list-style-type: none"> Kommunale vedtak og planar er viktige for SFE sin strategi med omsyn til drift og bygging av kraftverk Vi er avhengige av samarbeid og god dialog med lokalsamfunna for å skape aksept for aktivitetane våre Vår sponsorordning er ein viktig strategi for å skape synlegheit i lokalsamfunna
Grunneigarar	<ul style="list-style-type: none"> Driftar og bygger kraftverk i deira område og natur mot kompensasjon 	<ul style="list-style-type: none"> Formelle avtaler og uformell dialog 	<ul style="list-style-type: none"> Formelle avtaler og uformell dialog Møter Synfaringar 	<ul style="list-style-type: none"> Grunneigarar er avgjerande for å kunne bygge ut ny kraft og skape aksept for fornybar energiproduksjon
Leigetakarar	<ul style="list-style-type: none"> Bidreg med inntekter og har forventingar på standard på utleigelokalar 	<ul style="list-style-type: none"> Dette bidreg til modernisering og vedlikehald av utleigelokala 	<ul style="list-style-type: none"> Ein samhandlar gjennom munnleg og skriftleg dialog 	<ul style="list-style-type: none"> Leigetakarane sine forventingar utviklar SFE i denne retninga
Eigarar	<ul style="list-style-type: none"> SFE betaler utbytte til eigarane 	<ul style="list-style-type: none"> Eigarane har forventingar til SFE sine økonomiske resultat og berekraftsarbeid Eigarane bestemmer også kven som sit i SFE sitt styre 	<ul style="list-style-type: none"> Felles møtearenaer for selskap og eigarar som generalforsamling og eigarmøte Aktivitetar i kommunane 	<ul style="list-style-type: none"> Påverkar selskapet si utvikling gjennom generalforsamling og eigarmøte
Regulerande myndigheit/forvaltning, nasjonale/regionale interessentar	<ul style="list-style-type: none"> Leverer energi, søker om ny energiproduksjon Utviklar regionen 	<ul style="list-style-type: none"> Set rammer, er høyringspartar og vedtaksmynde 	<ul style="list-style-type: none"> Dialog i samband med søknader/løyver, oppfølging av vilkår, tilsyn m.m. 	<ul style="list-style-type: none"> Rammevilkår for ulike aktivitetar, set standard
Investorar og bankar	<ul style="list-style-type: none"> SFE låner pengar frå bankar og investorar i våre obligasjonslån 	<ul style="list-style-type: none"> Bankane og investorarane stiller krav til SFE si gjeldsbeteningsevne og har også forventingar til korleis SFE opptrer i berekraftsarbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> Munnleg og skriftleg dialog med bankar. Overfor investorar presenterer vi prospekt og signerer lånedokument 	<ul style="list-style-type: none"> Bankane og investorarane sine forventingar påverkar SFE til å utvikle seg i den retning som desse ønskjer. Dette er mellom anna i retning av større berekraftsfokus
Interesseorganisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> Nyttar og påverkar lokal naturmiljø, landskap og ressursar som gruppene har interesse av å bevare, forvalte, bruke eller utvikle 	<ul style="list-style-type: none"> Stiller krav og forventingar til verksemda I enkelte prosjekt kan vi ha ulike interesser 	<ul style="list-style-type: none"> Kommunikasjon ved bruk av media, kommentering av skriftlege høyringsinnspel, lokale møter knytt til energiprojekt og andre tiltak som påverkar deira interesser 	<ul style="list-style-type: none"> Ulike interesseorganisasjonar stiller ulike krav til oss. Dette påverkar vår strategiske tilnærming, td. i utbyggingsprosjekt Kommunikasjonsstrategien legg vekt på ein open, ærleg og tilgjengeleg dialog
Bransje-organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> Innspeil og deltaking i ulike fagfora Kompetanseutvikling 	<ul style="list-style-type: none"> Påverkar politikk og rammevilkår 	<ul style="list-style-type: none"> Møter, samarbeid, munnleg og skriftleg dialog 	<ul style="list-style-type: none"> Gjev innspel og retning

PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER



VESENTLEGE PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER

Under gir vi ein overordna presentasjon over tema innan berekraft som er relevante for SFE og energibransjen generelt¹.

Klima

1. Klimagassutslepp frå byggeplassar, bilpark og helikopter
2. Klimagassutslepp av SF₆-gass
3. Klimagassutslepp frå materialbruk
4. Fysisk klimarisiko

Natur og biodiversitet

1. Naturinngrep og negativ påverknad på biologisk mangfald og økosystem
2. Konflikt med anna næring som er avhengig av same naturområde

Sirkularitet

1. Meir effektiv ressurs- og materialbruk og avfallsreduksjon gjennom tilnærming til sirkulær økonomi

Eiga arbeidsstyrke

1. Ivaretaking av helse og tryggleik til tilsette
2. Sørge for mangfald og inkludering på arbeidsplassen

Arbeidarar i leverandørkjeda

1. Anstendige arbeidsforhold og unngå brot på menneskerettar knytt til arbeidarar i leverandørkjeda

Lokalsamfunn

1. Økonomisk verdiskaping, i form av skattar, avgifter og utbyte eigarkommunar
2. Bidrag til bulyst i lokalsamfunn og arbeidsplassar i regionen

Ansvarleg drift

1. Ansvarleg og etisk forretningsstyring

IDENTIFISERING OG VURDERING AV VESENTLEGE PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER

I samband med strategiprosessen som var gjennomført i selskapet i 2020, identifiserte vi dei viktigaste globale utfordringane og såg mot FN's klima-, natur- og ressurspanel sine framskrivingar. Desse tema kunne lett knytast inn mot område der SFE både har påverknader, moglegheiter og risikoar. Strategien om «ansvarleg og berekraftig kraftproduksjon» med hovudfokus på klimagassreduksjon, ivaretaking av livet på land og tilnærming til effektiv ressursbruk og sirkulærøkonomi vart for oss vesentlege tema i strategien.

SFE har i årsskiftet 2023/2024 gjennomført ein intern analyse for å starte førebuing til gjennomføringa av «dobbel vesentlegheitsanalyse». I samband med dette vart det gjort innleiande analyse av berekraftstema. Foreløpige resultat av analysen er at klima, natur og biodiversitet, sirkulær økonomi, eigen arbeidsstyrke, arbeidarar i verdikjeda samt lokalsamfunn er viktige og relevante berekraftstema for SFE. Ei fullstendig dobbel vesentlegheitsanalyse i tråd med krava i CSRD vil verte gjennomført i løpet av første halvdel av 2024.

¹ PWC sin rapport på oppdrag frå Energi Norge (no Fornybar Norge) «En grønnere fornybar næring» frå 2022.

2. Klima og miljø

EU-TAKSONOMI

EU-taksonomien er eit klassifiseringssystem for vurdering av berekraft og skal bidra til ei felles forståing av kva aktivitetar som er berekraftige. Målet er å styre privat kapital mot økonomiske aktivitetar som bidreg til det grønne skiftet.

For at ein økonomisk aktivitet skal klassifiserast som berekraftig, må den vere inkludert i dei delegerte rettsaktene i taksonomiforordninga og dermed bli ansett av EU å potensielt kunne bidra til eit av EU sine miljømål². For at ein omfatta aktivitet (eligible) også skal vere i tråd med EU-taksonomien (aligned), må den vesentleg bidra til eit av seks miljømål, ikkje bidra til vesentleg skade på dei andre miljømåla, og oppfylle minimumskrava til sosiale rettar og styring av verksemd.

Rapportering i samsvar med krava i EU-taksonomien inneber å oppgje andel som er omfatta og i samsvar med (aligned); andel som er omfatta, men ikkje i samsvar med (eligible), og andel som ikkje er omfatta av EU-taksonomien, fordelt på dei tre nøkkeltala netto driftsinntekter, investeringar (CapEx) og driftskostnader (OpEx).

EU-taksonomien er implementert gjennom «lov om bærekraftig finans». SFE er i dag ikkje pålagt å rapportere fordi ein ikkje er omfatta av CSRD, men vil likevel, i tråd med forventningane frå våre interessentar og oppmodinga frå Finansdepartementet, rapportere andel av våre aktivitetar som er omfatta av reguleringa.

²EU sine seks miljømål er: avgrensing av klimaendringar, klimatilpassing, berekraftig bruk og vern av vatn og marine ressursar, omstilling til ein sirkulær økonomi, førebygging og kontroll av ureining, samt vern og gjenoppretting av biologisk mangfald og økosystem.

Økonomisk aktivitet	Omsetting	Capex	Opex
4.3 Vindkraft	48 984	2 768	19 062
4.5 Vasskraft	1 026 234	142 466	139 072
A. Total for aktivitetar som er omfatta av taksonomien	1 075 218	145 234	158 134
B. Total for aktivitetar som ikkje er omfatta av taksonomien	1 515 774	15 540	1 647 347
Total A+B	2 590 992	160 774	1 805 480

Det er gjennomført ei vurdering av kva økonomiske aktivitetar i konsernet som er omfatta av EU-taksonomien. Som det kjem fram av tabellen under, er både produksjon av vasskraft og vindkraft omfatta. Tabellen under inkluderer andelen av SFE sine netto driftsinntekter, investeringar og driftskostnader knytt til desse aktivitetane. Aktivitetar som ikkje er omfatta av EU-taksonomien, knyt seg hovudsakleg til omsetting av elektrisitet for kundar, eigedomsdrift og levering av tenester til andre kraftprodusentar.

Finansielle nøkkeltal

Dei finansielle nøkkeltala tek utgangspunkt i SFE sitt konsoliderte rekneskap. Dei presenterte tala er summen for kvar økonomisk aktivitet konsolidert for konsernet og justert for eliminering av konserninterne transaksjonar.

Netto driftsinntekter

Netto driftsinntekter samsvarer med tilsvarande definisjon i resultatoppstillinga for konsernet. I 2023 var SFE sine totale driftsinntekter på 2 591 mill. kroner. Av dette vart det identifisert at 1 075 mill. kroner kom frå økonomiske aktivitetar som etter definisjonen er omfatta av taksonomiforordninga. Ein stor del av øvrig omsetting kjem frå omsetting av kraft for kunde.

Investeringar

Grunnlaget for nøkkeltalet for investeringar baserer seg på årets anskaffingskostnad før avskrivningar, nedskrivningar og andre typar verdjusteringar. SFE sine totale investeringar for rekneskapsåret 2023 summerer seg til 161 mill. kroner.

Investeringsplanar

EUs taksonomiforordning stiller krav til investeringsplanar som spesifiserer dei viktigaste investeringane som er omfatta av taksonomirapporteringa. Ein vesentleg del av SFE sine investeringar knyt seg til vedlikehald av eigedelar som alt er i drift. Ein stor del av dette er vedlikehaldsinvesteringar som kan knytast til verksemdsområde som ligg innanfor taksonomien. Også i investeringsplanane for dei neste åra er venta andel av totale investeringar knytt til vedlikehald vesentleg.

Driftskostnader

Nøkkeltalet for driftskostnader samsvarer med tilsvarande definisjon i resultatoppstillinga for konsernet, men berre kostnader relatert til vedlikehald og utvikling som er direkte knytt til dei produserande einingane blir teke inn i vurderingsgrunnlaget. Kostnader relatert til kjøp av kraft, avskrivningar, overhead, drift og støttefunksjonar inngår ikkje i grunnlaget.

E1 KLIMAENDRINGAR



PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER

Gjennom måten vi bygger, driftar og utviklar kraftproduksjonen og verksemda vår på, kan vi bidra til ei utvikling som kjem dagens behov i møte, utan å øydelegge for at komande generasjonar skal få dekkja sine behov³.

Vår positive påverknad på klima og klimagassreduksjon som følge av at vi produserer fornybar energi handlar om:

- Effektiv utnytting av allerede eksisterande kraftverk. SFE er ein kraftprodusent som bidreg til at det til ei kvar tid er balanse i straumnettet. All den tid straum kan leverast til nettet frå fornybare kjelder i dei timane i året samfunnet treng energi, vil vere eit bidrag til at klimaendringane ikkje akselererer. Driftsklare aggregat på kraftverka er difor eit viktig bidrag til å avgrense klimagassutsleppa
- Vedlikehald og rehabilitering til rett tid og rett kostnad. Det bidreg til å forlenge levetida på kraftverka og halde fornybarproduksjonen oppe
- Utvikling av ny fornybar kraftproduksjon i form av nye konsesjonar/løyver

- Tilrettelegging for klimagassreduksjon i samband med bygging og rehabilitering av nye og gamle kraftverk i planleggings- og byggeprosessen
- Vår moglegheit til å utvikle andre typar grøne energiløysingar i eksterne samarbeid i regionen
- Vår moglegheit til å bidra med tenester knytt til klimatilpassing, dømme
 - flaumdemping gjennom regulering av vassdrag og bygging av tappearrangement til bruk i flaumberedskap
 - forsterking og rehabilitering av damanlegg, for å forlenge levetid og tole klimastar

³Tekst: Kjelde: Vår felles framtid, 1987

RETNINGSLINJER

SFE har ei overordna retningslinje for berekraft; «Policy for energi, berekraft, klima og miljø», utvikla i 2020. Denne omtalar overordna kva berekraftstema SFE har fokus på:

«SFE si verksemd skal vere ansvarleg i alle ledd og bidra til ei balansert, berekraftig og verdiskapande utvikling av verksemda. SFE skal bidra til berekraftige lokalsamfunn, m.a. gjennom elektrifisering og nye grøne kompetansearbeidsplassar. Samstundes skal SFE ivareta behova knytt til klima, naturressursar og miljø for framtidige generasjonar og bygge vår utvikling på kunnskap, innovasjon, proaktive handlingar og livsløpsperspektiv. [...] Dette skal skje gjennom å redusere vårt eige klimagassavtrykk og bidra til reduksjon av nasjonale og globale klimagassutslepp. Vi skal tilnærma oss sirkulær økonomi og ta vare på livet på land og i vatn».

Retningslinja er vedteken i Styret i SFE Produksjon AS i 2020 og i 2022 (mindre justering). Ansvarleg eigar av retningslinja er Produksjonsdirektør.



For å bidra til å redusere klimagassutslepp er det i mål- og strategiplanen nedfelt at selskapet skal etablere og vidareutvikle klimaavtrykk, ressurreffektivitet (sirkulær økonomi) og miljøbelastning som evalueringskriterium i planlegging, ved innkjøp av varer og tenester og ved utbygging av anlegg.

Det er utvikla ein «beste praksis for berekraft i prosjekt». Føremålet er å sette retninga slik at berekraft vert ein integrert del av prosjektprosessen. Tanken er at dette er ein dynamisk praksis som endrar innhald i takt med at selskapet utviklar sine metodar å arbeide med berekraft i prosjekta på. Fokuspunkt i dokumentet er berekraft-omtale i bestillingsdokument, gjennomføring av berekraftsmøte, etablering av berekraftsplan og tiltaksanalyse, signering av etiske retningslinjer, oppmoding om leverandørdialog, og å sørge for forankring og oppfølging av berekraftstema.

TILTAK OG AKTIVITETAR

Viktige handlingar knytt til å møte klimaendringane er å skaffe til veie nye løyver til å bygge ut meir fornybar energi, samt å sørge for vidare utvikling av eksisterande fornybarproduksjon. I årsplan- og budsjettprosessar vert det årleg planlagt og sett av betydelege ressursar til å gjennomføre drifts-, vedlikehald- og rehabiliteringsprosjekt som bidreg til levetidsforlenging av anlegga og dermed kan produsere fornybar energi vidare.

Berekraftsarbeidet knytt til miljø og klima er godt i gang i SFE. Vi merker at det er eit aukande fokus, nysgjerrigheit og engasjement hos tilsette innan ulike fagområde. I fleire prosjekt er vi i gang med dokumentasjon av klimagassutslepp og ønskjer å få dette inn som ein del av prosessen og dokumentasjonsgrunnlaget i tilbodevaluering.

I samband med prosjektering av nye Øksnelvane kraftverk, vart det for første gang i eit stort SFE-prosjekt, laga ein berekraftsplan med tiltaksanalyse. I prosjekteringa har vi hatt

fokus på optimalisere og redusere bruk av innsatsfaktorar som areal, stål, betong og fossilt drivstoff (scope 3) og søke å nytte klimavenlege alternativ i gjennomføring av prosjektet. Døme er bruk av lågkarbonbetong og nytte så mykje elektrisk drift og transport i anleggsområdet som mogleg, samt at det er stilt krav til eit maks. CO₂-utslepp på stål og armering.

I høgspenning-koplingsanlegg har SF₆-gass (svovelheksafluorid) vore brukt av alle leverandørar fordi gassen har svært gode sløkkeeigenskapar. Den eignar seg dermed godt til å slukke lysbogar som oppstår i høgspenningbrytarar. Gassen er derimot giftig og ved lekkasje eller havari på anlegg skaper det svært store utslepp av klimagass (1 kg SF₆-gass svarar til 22800 kg. CO₂e). SFE har ca. 33 kg SF₆-gass installert i sine brytaranlegg (i tillegg kjem ca. 10 kg i Gloppen Energi AS sine anlegg som SFE er driftsoperatør for). Ved innkjøp av nye brytaranlegg vil SFE velje alternative løysingar så langt det er mogleg. Etter rehabilitering av elektroanlegg i Åskåra kraftverk har Åskåra 1 fått auka effekt frå 98MVA til 105MVA. Ved utskifting av 132kV-effektbrytarar vart det valt ein CO₂-bryter framfor den tradisjonelle SF₆-brytaren. I prosjektet vart funksjonaliteten til eigenforsyninga til kraftverket meir robust, noko som igjen bidreg til mindre behov for dieselaggregat som naudstraumsløysing i framtida.

Etter nokre år stans vart taubana i Mel kraftverk sett i drift igjen i 2023. Bana har elektrisk hovuddrift. Framover kan den frakte personell og utstyr til dam Nedre Svartevassvatn. Det gir driftspersonellet vårt tilkomst til damanlegg, større delar av vassvegen og kraftanlegget utan bruk av helikopter. Tiltaket sparar både miljøet og SFE for klimagassutslepp.



Overgang til elektrisk bilpark

SFE-konsernet har 18 personbilar og 36 varebilar. Sidan 2016 har SFE-konsernet hatt ein strategi om at elektrisk skal vere førstevalet ved innkjøp av nytt køyretøy, så fram det dekker behova som det einskilde køyretøyet skal nyttast til. Det er installert ladarar for el-bil ved alle SFE sine kraftverk og op- og møteplassar.

Nøkkeltal	2023	2022	2021
Andel elektriske personbilar i bilpark	50%	60%	40%
Andel elektriske varebilar i bilpark	20%	3%	3%


Kommentar til tabell: Andelen elektriske køyretøy i 2023 er ikkje direkte samanliknbar med 2022 og 2021 sidan Linja har gått ut av konsernet og teke med seg mange køyretøy.

Miljøsertifisering

Hovudkontoret til SFE-konsernet på Sandane har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2008. SFE er ikkje sertifisert i høve andre kvalitets- eller styringssystem, som t.d. ISO, EMAS eller liknande.

Nettverks- og kompetansebygging

SFE er medlem av Klimapartnere. Dette er eit landsomfattande klimanettverk for bedrifter og kommunar der kunnskapsutveksling, samarbeid og inspirasjon til å bidra til å nå klima-



måla, ligg til grunn. SFE er medlem i Fornybar Norge og her under relevante faglege nettverk. Berekraftsnettverket har som mål å vere ein lærings- og samarbeidsarena der auka kunnskap, kompetanse og erfaringsutveksling er sentralt. Dei tre hovudtema klima og klimagassreduksjon, areal- og naturbruk og berekraftige innkjøp har prioritet.

Anna klimadatainformasjon

Som følge av vilkår i konsesjonane våre hentar vi jamleg inn målingar knytt til hydrologiske forhold i vassdraga våre. I tillegg utfører NVE bremålingar på Ålfotbreen på oppdrag frå SFE årleg. Slike data er viktige for å vurdere framskrivningar knytt til kraftproduksjon og klimaendringar.



EKSTERNE SAMARBEID KNYTT TIL ELEKTRIFISERING OG TILPASSING TIL «LÅGUTSLEPSSAMFUNNET»

Skipskraft

I mai 2021 opna landstraumanlegga til Skipskraft AS, eit samarbeid mellom SFE og Florø Hamn. Selskapet driftar to landstraumanlegg for større skip i Florø. Eit på Fugleskjærskai og eit på Botnastranda ved Fjord Base. Bruken av anlegga gjer at energibehovet til fartøya blir dekkja av straum når dei ligg til kai. Dette bidreg til å redusere lokale utslepp og støy, i tillegg til å betre luftkvaliteten i Florø. Bruken i 2023 har bidreg til reduksjon av 236 tonn CO₂ og 3,3 tonn NO_x. Dette hadde tilsvara CO₂-utsleppet frå 30 køyreturar rundt jorda med bensinbil og NO_x-utsleppet frå 189 køyreturar rundt jorda med dieselbil.

Biogassprosjektet

Sommaren 2023 overtok SFE biogassprosjektet til Nordfjord Miljøverk (Retura NoMil), der målet er å starte opp biogassproduksjon i Nordfjord basert på lokale avfallsressursar. Biogassen kan nyttast som energikjelde eller drivstoff, og bioresten kan nyttast som gjødsel i landbruket. I 2023 har råstoffet og marknaden i regionen blitt kartlagt, og i 2024 blir det arbeid vidare med eit konsept. I desember 2023 trekte Grøn region Vestland fram biogassprosjektet som ein av 19 grøne hubbar i Vestland fylke under lanseringa av Vestlandsporteføljen 2.0. Gloppen biohub og dei 18 andre hubbane skal leie an i det grøne skiftet, og blir støtta av Grøn region Vestland. Grøn region Vestland er eit samarbeidsprosjekt mellom Innovasjon Noreg og Vestland fylkeskommune.

MÅL

Ved utgangen av 2020 vedtok SFE Produksjon eit mål om å bidra med 500 GWh ny fornybar energi innan utgangen av 2025. Ved utgangen av 2023 var 412 GWh realisert (SFE sin eigarandel).

Ved etablering av ny leiling og omorganisering i 2023 er målet justert til 1,6 TWh ny kraftproduksjon innan 2040 - både innfor vass- og vindkraft. Dette er mål vi internt styrer etter, men det er ikkje formelt vedteke. Samla sett vil dette gi verksemda ein produksjon på 4 TWh i 2040.

I 2022 justerte SFE Produksjon klimadelen av mål- og strategiplanen, slik at måla samsvarar med forpliktingar til kutt som verda rundt oss også må forhalda seg til. Målet er no å redusere utslipp i scope 1 og 2 med 50 % innan 2030 og 90 % innan 2050.

I tillegg vart det innført eit punkt om at det i store prosjekt (kostnad >10 MNOK) skal målast og dokumenterast vesentlege utslipp i scope 3. Les meir om dette under kapittelet om klimarekneskap.

ENERGIFORBRUK OG SAMANSETTING

SFE-konsernet sitt energiforbruk kan i hovudsak delast inn slik:

- Straumforbruk til oppvarming, lys, ventilasjon, elektriske anlegg, pumper, sørvarar m.m. i kontorbygningar, lager, verkstad
- Straumforbruk til el-bil-lading; på eksterne lokasjonar der SFE eig ladestasjonane og på ladepunkt knytt til oppmøteplassar (kontor og kraftverk)
- Forbruk i egne kraftverk og tilknytte installasjonar (eigenforbruk)
- Nett-tap knytt til produksjonslinjer (manglar data 2023, ikkje omtalt nærare)

Nøkeltal

2023

Total energiforbruk frå fossile kjelder (MWh)	0
Total energiforbruk frå fornybare kjelder (MWh)	5085

Energiproduksjon netto (MWh)	2023	2022	2021
Fornybar kraftproduksjon middel netto	2 274 440	2 274 440	2 018 517
Fornybar kraftproduksjon faktisk netto	2 030 000	2 246 000	1 987 000
Installert yting (MW)	534	534	484
Ny fornybar energiproduksjon	0	150 000	0

Kommentar til tabellen: Middelproduksjonen er basert på det historiske faktiske tilsiget over ein gitt periode. Faktisk produksjon er det som faktisk vart produsert i 2023. I netto-tala er nettap trekt frå og syner dermed den produksjonen selskapet har inntekt på.





KLIMAREKNESKAP

Avgrensing og metode

SFE sitt klimarekneskap omfattar dei konsoliderte selskapa. Linja AS som var eit 100 % eigd dotterselskap og konsolidert fram til 01.03.2023 vert halde heilt utanom årets klimarekneskap og berekraftsrapportering generelt.

Gloppen Energi og Innvik kraftverk er ikkje konsolidert inn i SFE-konsernet. Sidan SFE er driftsoperatør for kraftverka til Gloppen Energi AS og delvis for Innvik kraftverk AS, vil nokre postar i klimarekneskapen vere påverka av den aktiviteten SFE har som operatør for desse anlegga. Årsaka ligg m.a. i at det er eit felles operatørteam som utfører drift, vedlikehald og tilsyn og til dette nyttar dei m.a. dei same køyretøya og avhender avfall frå anlegga til delvis same lokasjon. Det påverkar dermed konsernet sine utslepp i scope 1 og 3 noko. Ein del av bilane SFE eig vert nytta av tilsette i Wattn og Linja gjennom utleige. Desse diesel- og bensinutsleppa i scope 1 har vi ikkje greidd å skilje frå SFE-konsernet sitt forbruk i årets rekneskap. Data til klimarekneskapen er hovudsakeleg henta inn ved manuelle prosessar, men ein har teke utgangspunkt i dei postane som tidlegare år har vore rapportert og som vi meiner er vesentlege.

Vi rapporterer på tre ulike kategoriar, også kalla «scopes».

Scope 1: Dette består av fossile utslepp frå kjelder som vi sjølv har eigarskapet til og kontroll på. Det er i all hovudsak fossile utslepp frå køyring med selskapa sine egne bilar, samt ev. utslepp av SF₆-gass frå brytaranlegg.

Scope 2: Dette består av utslepp knytt til eige energiforbruk i bygningar som kontor, lager og verkstad, samt forbruk i egne kraftverk. I følge GHG-protokollen skal scope 2 bereknast på to måtar, både med lokasjonsbasert metode og marknadsbasert metode. SFE har kjøpt opphavsgarantiar for alt innkjøpt energiforbruk i 2023. Opphavsgarantiar for eige forbruk i kraftverka er tilsvarande sletta. Garantiane er kjøpt/sletta frå eige kraftverk Åskåra 1.

Scope 3: Dette består i hovudsak av utslepp frå innkjøpte varer og tenester, kapitalvarer og oppstraum transport og distribusjon. I scope 3 har vi rapportert på bidrag innanfor hovudkategoriane varekjøp, bygg, transport og reise og avfall. Dei største bidraga til utslepp i scope 3 er transporttenester med helikopter i samband med rehabiliteringsprosjekt i Svelgen og materialbruk i samband med utbygging og vedlikehald.

Det største løftet i år er at det er kartlagt nokre nye postar i scope 3 som ikkje har vore ført tidlegare. Det er innhenta data frå åtte store prosjekt utført/bygd i 2023. Det er innhenta mengdedata knytt til betong, stål og fossile utslepp knytt til hovudleverandøren sine utslepp (døme drivstoff på anleggsplassen og reise t/r anlegget), samt avfall. Her er helikoptertransport ein betydeleg post. Rapporteringane er utført av prosjektleiarane i prosjektteamet i SFE og/eller er henta inn frå entreprenørar knytt til leveransen i prosjekta. Eit anna døme på nye postar er tilsette sin reiseaktivitet til/frå oppmøteplass. Storleiken på utslepp i scope 3 vil variere med blant anna omfanget av pågåande prosjektaktivitet,

moglegheita for å hente inn data for utrekning av utslepp og val av rapporteringsområder. Her prøver vi å fange opp og fokusere på dei største bidraga til utslepp. Vi har i år ikkje lukkast med å innhente utsleppsdata frå våre investeringar.

På generelt grunnlag ønskjer vi å utvikle vår kunnskap og evne til å rapportere på utslepp i scope 3 og arbeider vidare med det. Alle utsleppsfaktorar er i hovudsak henta frå DEFRA, NVE og EPD-ar (miljødeklarasjon for produkt).

Utsleppskjelde	Utslepp 2023 (tCO ₂ e)	Andel av total
Scope 1 (direkte utslepp)	61,8	7,7%
Scope 2 (elektrisitetsforbruk)	96,6	12,0%
Lokasjonsbasert berekning	96,6	12,0%
Marknadsbasert berekning	0	0
Scope 3 (indirekte utslepp i verdikjeda)	649,6	80,4%
1. Innkjøpte varer og tenester	32	4,0%
2. Kapitalvarer	167	20,7%
3. Drivstoff- og energirelaterte aktivitetar	14	1,7%
4. Oppstrøms transport og distribusjon	387	47,9%
5. Avfall	4	0,4%
6. Forretningsreiser	14	1,8%
7. Transport av tilsette	30	3,7%
11. Bruk av selde produkt	1	0,1%
15. Investeringar	0	0
Totalt utslepp Scope 1, 2 (lokasjonsbasert) og 3	808,1	100%

E4 NATUR OG BIOLOGISK MANGFALD



PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER

Produksjon av fornybar energi frå vatn og vind krev utnytting av vassdrag og landareal, og påverkar dermed hydrologi, natur, miljø og landskap i ulik grad.

Vasskraftproduksjon medfører endring av naturleg avrenning i eit vassdrag som følge av at vatn vert teke inn på driftstunnel til kraftverket ved t.d.:

- overføringar av vatn frå eit nedslagsfelt eller vassdrag til eit anna
- inntak av bekkar
- regulering av vatn/innsjøar eller delar av elvestrekningar ved heving og/eller senking av vasstand i høve normalen

Slike fysiske hydrologiske endringar, inkl. regulering og manøvrering i samband med kraftverksdrifta, medfører ulik grad av påverknad på vasslevande organismar og fisk som har oppvekst- og leveområde i regulerte vatn og elvar.

Kjende negative konsekvensar for fisk i våre regulerte vassdrag er m.a. knytt til

- endring av temperaturforhold påverkar oppvekstvilkår
- endring av sedimenttransport påverkar sikt og fiskens næringsøk og -opptak, opplagring av massar
- låg vassføring på oppvekst- og gyteareal medfører tørrlegging av egg og redusert overleving
- raske endringar i vassføring medfører stress og stranding
- redusert tilgang til oppvekst- og gyteområde som følge av manglande vandringsmoglegheit forbi byggverk (dam, tersklar)
- redusert næringstilgang i nedregulerte vatn og tidvis vanskeleg tilgang til gytebekkar reduserer fisk og botndyr sine leveområde og aukar konkurransen om tilgjengeleg næring

Desse påverknadane bidreg til at økologisk tilstand/potensial (ref. vassforskrifta) i ein vassførekomst påverka av kraftproduksjon vert redusert. Problemkartlegging eller såkalla «flaskehalsanalyse» og andre vassdragsbiologiske

undersøkingar bidreg til å skaffe kunnskap om dei konkrete miljøproblema, slik at treffsikre avbøtande tiltak kan gjennomførast for å betre økologisk tilstand/potensial. Under E4-3 syner vi nokre døme på tiltak i våre vassdrag utført i 2023.

Eit vindkraftanlegg medfører direkte arealtap til vegar og oppstillingsplassar. Påverknader utover dette er knytt til forstyringar frå lyd, lys og skyggekast, samt fuglekollisjonar.

Utslekta utslepp eller ureining (døme olje, slam) i bygge- og driftstida til eit vind- eller vasskraftverk kan påføre ulik grad av skade på lokalt naturmiljø og artar.

SFE er merksame på at naturinngrep og nedbygging av natur generelt har fått eit auka fokus i media og samfunnet. For energibransjen generelt og SFE spesielt er dette ei utfordring, men det gir også moglegheiter til å tenkje annleis og nytt i måten etablering av nye og utviding av gamle vassdrags- og energianlegg vert planlagt og bygd på. Bransjen med Fornybar Norge i spissen er i ferd med å etablere ein «naturstrategi», noko SFE er positive til og vil følge med på vidare.



RETNINGSLINJER

Natur og biomangfald er eitt av fem punkt i SFE sin overordna «Policy for energi, berekraft, klima og miljø» og har følgande ordlyd: «Vi vil ta vare på livet på land og i vatn». Vi syner til omtale av retningslinja i E1-2.

I tillegg til denne er «policy for ytre miljø og vassdrag» viktig i arbeidet med å ta aktivt omsyn til miljøutfordringar og minimere miljøpåverknad. Retningslinja omhandlar kva vi skal ta omsyn til i drift av kraftverk og anna prosjektaktivitet og tiltak i vassdrag. Tre tema er omtalt:

- SFE skal drive «Miljøriktig vassdragsdrift», her under ivareta konsesjonsvilkår, aktuelle lover og forskrifter, søke etter gode løysingar og ha ei proaktiv tilnærming til avbøtande tiltak for å betre miljøtilstanden i vassdrag
- SFE skal legge vekt på fagleg kunnskap og kompetanse i avgjersler knytt til miljø saker
- SFE skal sørge for dialog med interessentar i saker knytt til vassdrag og miljø

Retningslinja er forankra i SFE Produksjon sitt styre tilbake til 2014. Det er avdeling kraftverk ved fagleiar konsesjon og vassdrag som er ansvarleg for at retningslinja er implementert og vert overhalde. Retningslinja er tilgjengeleggjort i ERP-systemet og nyttilsette får informasjon om denne som del av fagspesifikk opplæringsplan. Retningslinja er ikkje gjort offentleg tilgjengeleg.

I høve gjeldande konsesjonar og løyver som er gjeve til verksemda for å bygge ut og/eller drifte vassdrags- og energianlegg, er verksemda forplikta til å ivareta dei til ei kvar tid gjeldande lovar og forskrifter. I dette forvaltar NVE også eit stort omfang av retningslinjer og rettleiarar som m.a. er knytt til ytre miljø og landskapsforhold. Dette dannar grunnlag for kva standardar, krav og beste praksis SFE har i vår handtering av miljørelaterte spørsmål i våre vassdrags- og energianlegg.

TILTAK OG AKTIVITETAR

SFE er som nemnt underlagt ei rekke lovar, forskrifter og vedtak knytt til konsesjonar og løyver. Av den grunn er det etablert eit internkontrollsystem som på tvers av lovgjevnad og fagområde skal sikre at krav gitt i medhald av lovverket vert ivareteke, og at uønskte hendingar vert fanga opp, retta og lukka, slik at prosessane desse er ein del av kontinuerleg vert forbetra. Ein del av internkontrollen knytt til vassdrags- og energianlegg handlar m.a. om oppfølging av vilkår og tilsyn av ytre miljø og landskap og dette er integrert i det førebyggjande vedlikehaldssystemet.

Kva påverknad vår vasskraftproduksjon har på livet i vassdraga er skildra med grad av påverknad (stor, middels, liten) i kartbasen vann-nett.no⁴. Kva tiltak som er planlagt og gjennomført i dei ulike vassførekomstane er også vist her. Det er den regionale vassforvaltingsplanen, godkjend av Klima- og miljødepartementet i 2021 som er retningsgjevande for kva vassførekomstar det er prioritert å gjennomføre miljøforbetrande tiltak i. Nokre tiltak er fysiske habitattiltak i vatn og elvar som ikkje går ut over kraftproduksjonen, medan det for ei rekke vassdrag rundt om i landet er aktuelt å gjennomføre vilkårsrevisjon som verkemiddel for å utløyse tiltak som gir miljøforbetringar. Dei miljøtiltak vi utførar i vassdrag vi regulerer må sjåast i lys av vassforskrifta og regional vassforvaltingsplan. Tiltaka har som mål å bidra til å auke miljøtilstanden mot "Godt økologisk potensial" eller "God økologisk tilstand".

Knytt til eksisterande anlegg har SFE større pågåande prosessar i Vetlefjordelvi (Vetlefjordvassdraget, Mel kraftverk) i Sogndal kommune, der NVE har motteke krav om vilkårsrevisjon og SFE har kommentert desse krava. I Svelgen vassdraget (kraftverka Svelgen 1 og 2) i Bremanger pågår fornying av reguleringskonsesjonar. Denne saka er forventa avklara av Energidepartementet og Kongen i Statsråd i løpet av 2024. All saksinformasjon er tilgjengeleg på NVE sine heimesider.



⁴ Vann-nett.no

Utførte tiltak i 2023 knytt til natur og biologisk mangfold i vassdrags- og vindkraftanlegg

Riseelva: Som følge av at nokre av innløpsbakkane til Risevatnet i Svelgen er overført til kraftverket Svelgen 4, har vassføringa i Riseelva (strekninga Risevatnet-sjø), vore påverka av redusert tilsig i fleire tiår. Tidleg på 2000-talet raste ei steinblokk ut i elvegjølet i Riseelva og medførte at det vart vanskeleg for sjøaure og laks å passere gjølet på låge vassføringar. Fiskebiologar anbefalte å fjerne den utraste blokka. Sjølv om årsaka til utrasing ikkje skuldast SFE si kraftverksdrift, var fjerning av blokka utført frivillig av SFE hausten 2023. Det skal no ligge betre tilrette for at laks og sjøaure kan vandre opp elvegjølet til Risevatnet.



Østerbøelva: SFE har gjennom bygging av Østerbø kraftverk redusert vassføringa i Østerbøelva. Dette påverkar miljøet og landskapsopplevinga negativt. I konsesjonsvilkåra er det heimel for å pålegge SFE å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak om det skulle vise seg naudsynt, men at dette kunne gjerast etter at kraftverket var sett i drift. Difor er det no gjort vurderingar av fiskebiologar og dei har kome med forslag til tiltak for å redusere reguleringspåverknaden. Detaljplanen som skildrar dei ulike tiltak skal godkjennast av NVE før dei kan gjennomførast (etter planen skjer det i 2024). Tiltak det er snakk om er utbetring av kulpar og å etablere celletersklar.

Vetlefjordelvi: SFE påverkar Vetlefjordselvi gjennom regulering av tilførselsvatnet til elva heile året. Reguleringsmagasin i fjellet er inntak til Mel kraftverk, Sogndal kommune, som slepp vatnet ut 4 km frå elvas utløp til fjorden. Elvestrekning ovanfor avløpet har redusert vassføring. SFE har soleis stor påverknad på elva gjennom redusert vassføring i restfeltet og endra vassføring og temperatur på vatnet nedanfor avløp. Gytefisketeljning og undersøkingar av ungfisk i Vetlefjordselvi viser at elva har eit relativt lågt tal sjøaure og spesielt laks. Det har dei siste åra vore ei auke i gytting av sjøaure i restfeltet (oppstraums avløp frå kraftverket), og dette har auka fiske-

produksjonen i denne delen av elva. Sidebakkane er også viktige leveområde for sjøauren og tiltaka som er gjennomført har ein positiv effekt. Det er ikkje gjennomført habitatforbeholdende tiltak i Vetlefjordselvi i 2023, men fiskebiologar har gjennomført ungfisk- og gytefisketeljning. Flaskehalsanalysen og dei mange habitattiltaka og terskeljusteringane som er utført i Vetlefjordelvi dei siste 7-8 åra for å betre tilhøva for fisk, har grunnlag i metodikken «Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag»⁵. Framover vil SFE fortsette tiltaka i sidebakkane, først gjennom ein enkel tiltaksplan for etterjustering og eventuelt utviding av tiltak. Vi vil også gjere enkelte endringar på tersklar kring utløpet av kraftverket for å forenkle vandring for fisk, samt kvantifisere omfanget av gjennomførte tiltak i vassdraget for betre å kunne evaluere effekten og vurdere ytterlegare tiltak.

⁵ NINA temahefte 52



Storefjorden/Eimhjellevatnet: SFE påverkar vasstanden fordi vatnet er inntaksmagasin til Sagefossen kraftverk. Sjølv om reguleringsgraden (2 m senking) og SFE sin påverknad på vatnet er liten (ref. vann-nett.no), er det heilt naturleg å bidra når Statsforvaltaren tek initiativ til prosjekt i vassdrag der SFE er aktør. Målet med prosjektet er å fastsetje reglar for fiske etter storaure i storaurevassdrag i Vestland, der Eimhjellevatnet i Gloppen kommune er eitt av dei. Kartlegging av bestandsstatus, vurderingar om det er eit haustbart overskot, samt vurdering av tiltaksforslag for å styrkje storaurebestanden skal utførast (Sikveland pers. medd. 2023).

Nye Øksnelvane kraftverk er under planlegging og vil generere store mengder sprengstein. I 2023 har prosjektet arbeidd med å finne samfunnsnyttige føremål som massane kan nyttast til. Det er lagt fram forslag om lagringsplassar på land og i sjø til bruk i samfunnsnyttige føremål. Djupvassdeponering i Nordfjorden var i tidleg fase eit alternativ, og som beslutningsgrunnlag vart det gjennomført kartlegging av sjøbotn i dei aktuelle deponiområda, mellom anna med undervassdrone ned til 230m djup utanfor nytt portalområde. Kartlegginga vart samanfatta i ei konsekvensutgreiing for marint naturmangfald (i hht Miljødirektoratet handbok M-1941), og med fokus på påverknaden deponeringa i sjø ville få på naturtypar og økologiske funksjonsområde⁶. Djupvassdeponi vart teke ut av planane mellom anna etter konklusjon om at deponering ville få betydeleg negativ konsekvens på tareskogen i området. Konsekvensutgreiinga viste elles at sjødeponeringa i dei aktuelle områda vil ha noko negativ konsekvens for raudlista fugl, men elles ubetydeleg konsekvens.

I samband med førebuing av Nye Øksnelvane kraftverk har vi i 2023 rydda ny linjetrase langs den gamle gangvegen mellom Klubbevika og Lunden og strekt om lag 450 m med høgspent og lågspent luftliner, som skal forsyne brakkerigg med elektrisitet i anleggstida. I tillegg blir det greve ned kablar og



rør i eksisterande veg mellom Lunden og Klubbevika. Det vart tatt i bruk stolpar i høve nye miljøkrav (utan kreosotimpregnering). Her hadde vi fokus på skånsamt uttak av skog langs den gamle gangvegen. Trevirke vart flisa tilbake til terreng og tømmer vart teke ut. I byggetida skal arbeidarane nytte gangvegen til/frå anleggsplassen.

Lutelandet vindkraftverk: Førebels resultat av fugleundersøkingar utført av konsulentselskapet Rambøll⁷.

Under vår- og hausttrekket, i perioden 18. mars–29. oktober 2023 vart det utført 131 søk etter kollisjonsdrept fugl med opplært ekvipasje (hund/fører). Det var generelt få funn innanfor søksområdet. Søkseffektiviteten til ekvipasjane og forsvinningsrate på fugl vart testa ut (sistnemnde ved bruk av 5 stk. viltkamera). Kråker og rev er dei som hyppigast fjernar kadaver av fugl. Av trekkfugl var det observert 7980 individ fordelt på 68 ulike artar over 13 veker med teljing, to gangar dagleg på vår- og hausttrekket (inkl. teljing med nattkikkert). Måker og ternar var mest talrike, deretter andefugl og sporvefugl, samt nokre observasjonar av rovfugl, skarv og hegre. Lytteboksar vart brukt for å avdekke tal artar i området og samansetning over tid. Det er noko aktivitet knytt til rovfugl i og rundt vindparken (i hovudsak havørn). AI-teknologi er nytta

for å registrere aktivitet av fugl i parken, og desse data viste 5063 individ innanfor kameraet sitt søkeområde.

Verneområde: Nokre installasjonar og bygningar knytt til vasskraftaktiviteten vår ligg nær ved eller innanfor område verna etter naturmangfaldlova. Tilsyn og vedlikehald av desse medfører behov for tilkomst. Nokre av dei ligg høgt til fjells og dermed er helikopter eller drone aktuelle framkomst- og tilsynsmetodar. For å hindre unødig skade og forstyring på flora og fauna og for at forvaltninga skal ha kontroll med motorferdsleaktiviteten i verneområda, hentar SFE inn fleirårige flygings- og landingsløyver i Ålftobreen landskapsvernområde. Desse ligg til grunn for vår moglegheit til å utføre tilsyn og for NVE til å utføre bremålingar. Tal flyging og landingar vert rapportert årleg til verneområdeforvaltninga.

⁶ Haugen M.B. m.fl. 2024. Ikkje publisert p.t. Konsekvensutredning marint naturmangfald. Nye Øksnelvane kraftverk og Åskåra. Norconsult AS. 64 s.

⁷ Michael Helgestad (pers. medd.), Rambøll, 2024.



MÅL

I SFE sin mål- og strategiplan som er forankra i SFE Produksjon sitt styre, er natur og biomangfald eitt av tre fokusområde som det er sett egne mål til. Måla i denne planen er ikkje kvantifisert. Hovudmålet er at «SFE sin energiproduksjon skal vektlegge naturmangfald. Her under vil/skal SFE ivareta trua eller sårbare artar, naturtypar og naturmangfald i ein regional samanheng, og avgrense andel «urørt» natur brukt til energianlegg til eit minimum». For å ivareta desse måla må relevant kunnskap om naturmangfald framskaffast og leggst vekt på. I påverka vassdrag er det å auke miljøtilstanden mot "Godt økologisk potensial" eller "God økologisk tilstand" konkrete målsettingar i tråd med vassforvaltingsplanane.

INDIKATORAR OG MÅLOPPNÅING

Miljøtilstand i påverka vassførekomstar

SFE har i førekant av denne berekraftsrapporteringa ikkje utført ei systematisk analyse av publiserte rapportar knytt til biologiske kartleggingar eller gjennomførte miljøtiltak i våre vassdrag dei siste åra, som kan bekrefte eventuell endring av miljøtilstand i vassdrag. Nøkkeltala frå 2022 får dermed stå uendra. Det har heller ikkje skjedd endringar (ved bygging av nye eller kjøp av kraftverk) som medfører at talet vassførekomstar vi påverkar har endra seg siste året. Inkludert i tala over ligg vassførekomstane som høyrer til Breimsvassdraget der Gloppen Energi AS har anlegg. Det er snakk om to vassførekomstar. Tabellen syner oversikt over vassførekomstar som vi i ulik grad påverkar gjennom kraftproduksjon vår. 53 % av dei "sterkt modifiserte" har nådd miljømålet "god økologisk tilstand", medan 47 % har mindre strenge miljømål eller utsett frist for måloppnåing.

Nøkkeltal	Eining	2023	2022	2021
Miljøundersøkingar utover lovpålagte studiar/pålegg	tal	0	1	16
Påverka vassførekomstar	tal	163	163	NA
Andel naturlege vassførekomstar	prosent	20	20	NA
Andel sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF)	prosent	80	80	NA
Andel SMVF med oppnådd miljømål (Godt Økologisk Potensiale)	prosent	53	53	NA
Andel SMVF som har mindre strenge miljømål (MSM) eller utsett frist for måloppnåing	prosent	47	47	NA



Arealbeslag og -inngrep

SFE har pr. 31.12.2023 ikkje oversikt over kor store areal som er beslaglagt som følge av vasskraftaktiviteten vår. Gjennom godkjende detaljplanar for miljø og landskap som må ligge føre før eit større rehabiliteringstiltak knytt til vassdrags- og energianlegg kan setjast i gang, er arealbruken skildra i kvart prosjekt som har ein slik plan.

For vindkraftaktiviteten på Lutelandet i Fjaler er arealbruken kartlagt. I byggeperioden vart 126,1 dekar påverka; fordelt på 48,9 dekar myr og 77,2 dekar fjell/snaumark. Etter at anlegget var ferdig vart det totale fotavtrykket på arealbruk innmålt av SFE til 56,7 dekar. Målingane var gjort f.o.m. der vegen stoppa i 2015. Sjå bilete med forklaring i kart.

Dagens situasjon er fordelt slik:

Type inngrep	m2
Vegar (4881 meter ny veg)	31 826
Oppstillingsplassar for 9 turbinar	19 025
Transformatoromt	2 440
Anna nytta areal	3 409
Totale inngrep	56 700

Verneområde

Nokre installasjonar og inngrep ligg nær ved eller innanfor verna naturområde etter naturmangfaldlova. Ingen av desse installasjonane er etablert etter at områda vart verna. Ein utstyrscontenar (sjå bilete over) på Ålfotbreen vart fjerna i 2023 (inngår ikkje i tabell). Svelgen kraft eig areal i tre ulike teigar som ligg innanfor verna område. Gloppen Energi, Innvik kraftverk, Jølstra kraftverk er ikkje inkludert. Type installasjonar som inngår i oversikta er reguleringsmagasin, inntak, overføringstunnel, byggverk eller bygningar knytt til vasskraftproduksjon.



Tabellen syner ei enkel oversikt, basert på manuell oppteljing:

Type	Tal, 2023
Installasjon/inngrep innanfor verna område	6
Installasjon eller inngrep < 1 km frå vernegrense (randsone)	47
Eigedom innanfor verna område	3

S5 SIRKULARITET

12 ANSVARLEG
FORBRUK OG
PRODUKSJON



RETNINGSLINJER

Sirkularitet er eit av berekraftsmåla i SFE sin overordna «Policy for energi, berekraft, klima og miljø» og seier at: «Vi vil handtere innsatsfaktorane [våre] gjennom tilnærming til sirkulær økonomi». Retningslinja er omtalt i E1-1, det vert vist til denne. I SFE sin mål- og strategiplan er sirkularitet eitt av tre fokusområde som det er sett eigne mål til. Her legg vi opp til å «ta i bruk prinsippa om sirkulær ressurs-handtering». I det legg vi at vi skal

- redusere mengde avfall og auke sortering, gjenvinning og ombruk
- auke del innsatsfaktorar som er designa for sirkularitet og effektiv ressursbruk

TILTAK OG AKTIVITETAR

Vedlikehald og rehabilitering av eksisterande kraftverk medfører forlenga levetid og bidreg til å optimalisere utnytting av vass- og vindressursane. Dette er omtalt i E1-2. Dette er svært viktige tiltak knytt til temaet ressursbruk og sirkulær økonomi. I slike prosjekt vert det gjort vurderingar av kva komponent som bør skiftast ut og kva som kan leve vidare. Deretter demonterast utslitne, ikkje-fungerande eller «gamaldagse» kraftverkskomponent og -anlegg, avfallet vert sortert og avhenda slik at det går til materialgjenvinning eller anna avfallshandtering.



På denne måten går brukte materialar inn i sirkulærkjeda og bidreg til måloppnåing om 90 % sorteringsgrad. I dei situasjonar vi vel å ikkje rive ut og fornye ulike komponent/anlegg, men heller reparere og forlenge levetida, har vi spart verksemda og samfunnet for unødig avfall og ressursbruk.

Ved innkjøp av nye komponent har vi den seinare tid hatt auka fokus på å nytte meir resirkulert materiale, t.d. ved innkjøp av stål og armering. I berekraftsanalysen for Nye Øksenvane er dette eit tiltak som både gir gevinst i høve bidrag til ein sirkulær verdikjede, men også for redusert klimagassavtrykk. I samband med klargjering og bygging av nye Øksenvane kraftverke er det fokusert på gjenbruk av elektro-komponentar, t.d. nettstasjonar, krafttransformatorar og høgspenst luftkabel-linje.

Rehabiliteringa av vassvegen i Åskåra 2 kraftverk som vart gjennomført i 2023 omhandla levetidsforlenging ved fornying av anlegget i ventilkammeret. Alle røyr vart sandblåst og overflatebehandla, og det vart montert nye ventilar og omløp. Anlegget er no oppgradert med ei berekna levetid på nye 30-40 år med minimalt behov for vedlikehald.

I Svelgen 4 kraftverk vart den gamle hovudstengeventilen frå 1970 bytt med ein ny ventil frå Polen. Arbeidet vart utført av SFE sine eigne ressursar, med hjelp av ekstern basmontør og

prøveingeniør. Den nye ventilen har to barrierar, noko som vil betre sikkerheita og føre til kortare utetid ved stans. Den gamle ventilen, som vog om lag 19 tonn, vart sendt til gjenvinning.





På dam Hjelmevatnet i Svelgenvassdraget utfører vi måling av deformasjonar for å få underlag for dokumentasjon av dammen si styrke fram mot neste revurdering. I denne sammenhengen deltek vi med måledata knytt til alkalireaksjonar⁸ i betong inn i Forskingsprosjektet Excon⁹ i regi av SINTEF. Alkalireaksjonar er konstatert for dam Hjelmevatn. Vårt mål er å forlenge levetida til dammen gjennom kvalitetssikra dokumentasjon som gjer at NVE kan godkjenne sikkerheita til dammen fram i tid. Å forlenge levetida på eit slikt stort betongbyggverk, meiner vi er berekraft i praksis, då riving og nybygg er forbunde med store klimagassutslepp og kostnader. Om det blir krav å bygge ny dam i framtida, har vi no valt å etablere eit beredskapsmessig tappearrangement på sida av sjølve dammen som uavhengig av framtidig krav vil kunne nyttast. Dette vart ferdigstilt i 2023. Tappearrangement er eit standard forskriftskrav for dammar i konsekvensklasse 3.

SFE-konsernet sender øydelagt og brukt IT-utstyr til Goitloppordningen. Dette er ein resirkuleringsordning for IT-utstyr organisert av Atea. SFE nyttar LOOP3, ein teneste som inneheld gjenvinning, sletting og aidentifisering av informasjon (godkjend av Norsk sikkerhetsmyndighet), vidaresal, rapportering og refusjon. IT-utstyret som er forelda vert resirkulert i høve nasjonale forskrifter og regelverk. Resirkuleringa skjer via fragmentering; innhaldet vert plukka frå kvarande i ulike delar som for eksempel plast eller metall før det vert resirkulert vidare.

I 2023 arrangerte vi også eit tiltak for tilsette på Strandtun (hovudkontoret): «Grøn Fredag med klebytedag» var vårt motsvar til handelsnæringa sin «Black Friday». Ideen var at tilsette kunne byte fullt brukbare klede og sko frå husholdinga si med kvarandre, på arbeidsplassen.

MÅL

Vi strekk oss etter målet om å bidra til ressursoptimal levetidsforlenging og å bruke dei same ressursane fleire gongar. Det er med å bidra til at naturressursar ikkje går tapt.

Når det gjeld avfallshandtering har SFE nytta eit mål om 90 % sorteringsgrad i nokre prosjekt (ikkje alle) og som internt mål i 2023, men dette målet er ikkje nedfelt i sjølve mål- og strategiplanen.

Avfall

Avfall generert frå dagleg drift og mindre prosjekt vert handtert gjennom avtale med det lokale avfallsselskapet Retura

NoMil. I 2023 oppnådde selskapet 83 % sorteringsgrad for dei leverte mengdene som vart levert til Retura NoMil.

Etter gjennomgang med leverandør er det utplassert dunkar/ containerar på ulike oppmøteplassar. Avfall frå Svelgen kraft sine anlegg (i hovudsak lokalisert inne på Elkem Bremanger sitt smelteverksområde), vert levert og sortert i EB si avfallsordning på verket. Vi har ikkje statistikk for leverte mengder og typar avfall frå anlegga våre i Svelgen.

Under visast ein oversikt over avfallsmengder generert frå vår daglege drift og prosjekter, korleis avfallet fordelar seg på farleg og ikkje-farleg avfall, samt korleis det vert handtert.

Mengde avfall generert vil variere frå år til år, særleg knytt til prosjekt, avhengig av omfang og tal prosjekter. I 2023 har SFE gjennomført spesifikke prosjekter i Åskåra, Svelgen og Nedre Markevatt som har stått for ein betydeleg del av det totale avfallsvolumet (sjå tiltak og aktivitetar):

Kategori	Total	Farleg avfall	Ikkje-farleg avfall
A. Total mengde avfall (tonn)	283,5	45,2	238,3
B. Total mengde avleia frå avfallshandtering (tonn)	204,0	0,0	204,0
B1. Forberedt til gjenbruk	0,0	0,0	0,0
B2. Resirkulering	204,0	0,0	204,0
B3. Andre gjenvinningsoperasjonar	0,0	0,0	0,0
C. Total mengde til avfallshandtering (tonn)	79,5	45,2	34,3
C1. Forbrenning	64,1	43,0	21,1
C2. Deponering	1,1	1,1	0,0
C3. Anna type avfallshandtering	14,3	1,1	13,2
D. Del ikkje-resirkulert avfall, %	28%	100%	14%

⁸ Alkalireaksjon er ein nedbrytningsmekanisme i betongkonstruksjonar. Alkalireaksjon (AR) er ein kjemisk-fysisk prosess der alkaliionar i betongens sementpasta reagerer med tilslaget og det vert danna ein alkaligel som gjer at betongen utvidar seg.

⁹ Excon - Grønn forvaltning av konstruksjoner for infrastruktur - SINTEF.

3. Sosiale tilhøve

S1 EIGNE TILSETTE

8 ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER

SFE opererer i ein bransje som er utsett for HMS-risiko. Systematisk HMS-arbeid har difor vore i fokus i konsernet over mange år, med visjonen «Like heil både inni og utanpå» som eit sentralt utgangspunkt. Visjonen femner om både det fysiske og det psykososiale arbeidsmiljøet, der HMS-arbeidet er eit målretta og langsiktig arbeid for å skape tryggleik og arbeidsglede. HMS-arbeidet er og tett knytt opp til SFE sine verdier – Stolt, Frisk, Ekte.

Ein sentral del av både overordna strategiplan og operativt HMS-arbeid i SFE handlar og om å styrke mangfaldet, og å jobbe aktivt for likestilling og inkludering. Tradisjonelt har arbeidsplassane i konsernet vore mannsdominerte, så mykje av mangfaldsarbeidet dei siste åra har vore knytt til å fremje kvinner sin stilling. På generelt grunnlag har SFE fokus på at ein i mangfaldsarbeidet skal jobbe mot å gi alle ein likestilt plass rundt bordet, uavhengig av skilnader mellom folk som til dømes kjønn, alder, funksjonsevne, etnisitet, seksuell orientering, yrkesfagleg bakgrunn eller personlegdom. Det er viktig å sikre at alle blir høyrte og verdsett for den dei er, og å sjå mangfald som ein styrke.



RETNINGSLINJER

SFE har fleire viktige retningslinjer som gjeld leiarar og tilsette:

- Verdi- og etikkplattform
- Personalhandbok
- Leiarhandbok
- HMS-policy

Verdi- og etikkplattforma er sjølve berejvelken for SFE sitt virke. Verdi- og etikkplattforma er publisert som ein del av SFE si personalhandbok, og eigast av konsernsjefen. Konsernsjef og leiargruppa har ansvaret for etterleving av desse retningslinjene.

Formålet med verdi- og etikkplattforma er å tydeleggjere kva som skal prege miljø og prosessar internt, og skaper grunnlaget for det utoverretta gode omdøme vi ønskjer å bygge – eit

omdøme som er eit direkte resultat av våre verdier og etikk, haldningar og åtferd. SFE sine verdier «stolt, frisk og ekte» ligg som grunnmur i plattforma, saman med prinsipp om respekt og openheit, og at ein kontinuerleg må arbeide med å skape eit trygt arbeidsmiljø. Innhaldet i verdi- og etikkplattforma omhandlar tema som etikk, leiarkultur, ytringsfridom, varsling, sosiale media, interessekonfliktar, teieplikt, innkjøp, gåver og representasjon, innsynsrett og eigarrett, og mobbing, trakassering og diskriminering.

SFE sine retningslinjer for leiarar og tilsette elles, er skildra i personalhandboka. Denne har utfyllande informasjon knytt til m.a. arbeidsforhold, interne rutinar, utvikling, godar og HMS. Den har og eigne kapittel for leiarar med meir utfyllande retningslinjer knytt til leiarrolla generelt og oppfølging av medarbeidarar spesielt. Ein høg etisk standard er forventet av leiarar og tillitsvalde, noko ein skal sjå igjen i åtferd og haldningar.

Personalhandboka (inkl. leiarhandbok) eigast av konsernsjefen og følgast opp i praksis av leiarar med personalansvar med støtte frå HR-funksjonen i verksemda. Nokre delar av personalhandboka er knytt til forhold i lokal særavtale og forhandlast om mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde, medan andre delar er reine administrative rutinar. Noko av innhaldet er basert på policyar som er vedteke i konsernstyret, som t.d. seniorpolitikken.

SFE sin HMS-visjon er at alle tilsette skal kome heim like heil, både inni og utanpå. Visjonen er spesielt forankra gjennom HMS-løftet som alle i leiargruppa har signert personleg. Den overordna målsettinga for HMS-arbeidet er at alle ulykker og skadar kan forebyggast.

SFE følger opp intensjonar, rettar og plikter i likestillings- og diskrimineringslova gjennom eit tett samarbeid mellom leiinga og tillitsvalde, og gjennom arbeid i eit eige Likestillingsutval. Ein utarbeidar felles målsettingar, og jobbar aktivt med ein handlingsplan for å fremje likestilling og hindre diskriminering i SFE.

Likestillingsutvalet i SFE har to representantar frå arbeidsgjevar og to representantar frå dei tilsette. I 2023 har utvalet bestått av to kvinner og to menn og vore operativt cirka halve året grunna utfusjonering av Linja og omorganiseringsaktiviteter på våren 2023. Likestillingsutvalet sitt ansvar er å utarbeide forslag til målsettingar og handlingsplan for arbeidet med mangfald, inkludering og likestilling, og å koordinere dette arbeidet i praksis. Ein del av dette arbeidet er å utarbeide ei risikovurdering basert på krava i lovverket.

SFE erkjenner at mangfaldsarbeid er ei viktig leiaroppgåve, og at mykje av jobben på området må skje gjennom leiing.

INVOLVERING AV PÅVERKA INTERESSENTAR

SFE har mange informasjons- og samhandlingskanalar som skal bidra til at dei tilsette vert involvert og engasjert i drifta og utviklinga av selskapet.

Vanlege informasjonskanalar i konsernet er jamlege allmøte, avdelingsmøte, personalsamlingar, intranett, teamskanalar, e-post og digitale infoskjermer.

Samhandlingsarenaer er til dømes årlege medarbeidar-samtalar, Arbeidsmiljøutval (verneombod), Konsernutval (tillitsvalde), Likestillingsutval, Akan-utval, Etisk utval, og involvering av relevante tilsette i ulike utviklingsprosjekt.

I SFE har ein lang tradisjon for eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantar. Samarbeidet går føre seg på ulike arenaer, som til dømes i Konsernutvalet (tillitsvalde) og Arbeidsmiljøutvalet (verneombod).



Konsernutvalet, som består av to representantar frå kvar fagforeining, møter administrasjonen (ved konsernsjef og HR) før kvart konsernstyremøte, og får ei oppdatering på kva saker som takast opp der. I tillegg vert dei tillitsvalde involvert løpande i endringsprosjekt, lønsforhandlingar mv.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) består av tre representantar for arbeidsgjevar og tre representantar for dei tilsette vald mellom dei aktive verneombod ein har for ulike oppmøteplassar. AMU har i utgangspunktet fire møte per år, fordelt kvartalsvis gjennom året, og behandlar både vedtakssaker, drøftingssaker og orienteringssaker knytt til heile HMS-området.

VARSLINGSKANALAR

SFE har ei gjeldande varslingsrutine som det er informert om i personalhandboka. I varslingsrutina er det skildra at dei varslingskanalane ein kan bruke er nærmaste overordna, etisk utval, tillitsvalde, verneombod, AMU eller bedriftshelsetenesta. Ein kan og varsle til konsernsjef eller styreleiar i SFE om ein opplever at eit varsel ikkje vert følgt opp, eller ein ikkje får nokon tilbakemelding. Å varsle advokat kan og vere eit alternativ om ein synest det er vanskeleg å varsle internt. Medarbeidarane i SFE er oppfordra til å bruke desse kanalane i første omgang, før ein eventuelt nyttar retten til å varsle i offentlege kanalar som t.d. media eller tilsynsorgan.

Varslingssaker i SFE kan meldast via avvikssystemet (ope eller anonymt) eller per e-post eller brev. På veg inn i 2024 har SFE utviklingsarbeid på gang knytt til å ta i bruk eit eige digitalt system for handtering av varsel via HR-systemet.

SFE følger retningslinjer om at dei som varslar skal beskyttast, og har krav på eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. For å sikre for dette skal SFE som arbeidsgjevar om nødvendig syte for forebyggjande tiltak.

TILTAK OG AKTIVITETAR

Basert på at den HMS-risikoen som tilsette i SFE er utsett for, står HMS-arbeid sentralt i selskapet. Tydeleg og einskapleg leiing er ein viktig del av dette. Vi gjennomfører også jamlege medarbeidarundersøkingar for å kartlegge korleis tilsette opplever arbeidsmiljøet. Oppfølging av resultatata går inn i HMS-handlingsplan for komande år.

Verksemda gjennomfører internkontroll etter helse- miljø- og sikkerheitslovgjevinga. Internkontrollen dannar mellom anna grunnlag for løpande risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og vernerundar for å avdekke forhold som kan påverke tryggleiken på arbeidsplassen. I prosjektgjennomføring der verksemda er byggherre vert risikovurdering etter SHA-plan implementert i HMS-arbeidet. For å handtere og redusere risiko for ulykker på arbeidsplassen er iverksett tiltak på ulike områder:

- Retningslinjer og prosedyrar for ulike arbeidsformer
- Krav til personleg verneutstyr
- Kontinuerleg tilsyn og vedlikehald av tryggleikssystem
- Arbeid med kultur for tryggleik og kontinuerleg forbetring
- Rapportering av uønskte hendingar
- Sikker jobb analyse (SJA)

Eit godt arbeidsmiljø der ein er rause med kvarandre har i mange år vore eit fokusområde i SFE. Den sokalla RAUS-plakaten vart utforma for mange år sidan, og står seg godt den dag i dag som eit verktøy for å utvikle og følge opp positive haldningar i organisasjonen. I eit arbeidsmiljø der ein har kultur for å vere rause med kvarandre, vil ubeviste haldningar av negativ karakter i mindre grad få utløp i åttferd og avgjerder.

Med tanke på arbeid innan likestilling, mangfald og inkludering har SFE over fleire år hatt fokus på å auke delen kvinnelege tilsette generelt, og delen kvinnelege leiarar spesielt. Bransjen



R
A
U
S

Relasjon og respekt

Inkluder alle, ta deg tid til å snakke med dine kollegaer. Vis interesse og lytt, still opp og vis at du bryr deg.

Anerkjenning

Gi konstruktive tilbakemeldingar for å skape læring. Skryt og løft kvarandre fram når det blir gjort noko bra.

Utvikling

Å dele informasjon er å dele kunnskap. Å dele kunnskap er å ta fleire ta del i opplevinga av meistring, vekst og stoltheit.

Smil

Smil, framsnakk, ver positiv og oppmuntrande. Hels på dine kollegaer, start dagen med "god morgon" og avslutt med "god middag".

er og har vore mannsdominert, men delen kvinnelege tilsette har dei seinare åra auka frå å ligge godt under 20-prosent-streken til å ligge eit par prosent over. Mellom anna har fleire kvinner vore deltakarar i leiarutviklingsprogram, i tillegg til at ein har hatt fokus på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering av leiarar.

Generelt ved rekruttering har ein hatt tradisjon for å oppmode kvinner om å søke, noko ein i det seinare har endra til at ein ønskjer «eit mangfald av tilsette i organisasjonen» med tanke på å vri rekrutteringsprosessane over på også anna mangfald enn kjønnsdimensjonen. SFE har tilsett 13 personar i 2023, av desse er 4 kvinner.

Ulik handsaming av kvinner og menn er eit område der SFE-konsernet har nulltoleranse. Dette er tema i alle medarbeidar- og utviklingssamtaler. Det er også eit sentralt område i våre organisasjonsmessige kartleggingar og undersøkingar, og er ein del av oppfølginga av desse. Når det kjem til løn, er ein i SFE også oppteken av å sikre likeløn mellom kvinner og menn, og jobbar årleg aktivt med dette når ein står i lønsoppgjersprosessen.

SFE er medvitne på universell utforming av våre bygg. For å støtte krava til universell utforming har vi heis og rullestolramper. Vi meiner at administrasjonsbygga våre er godt tilrettelagde for alle.

SFE har gjennom mange år hatt fokus på å legge til rette/endre arbeidsoppgåver for dei som av helsemessige årsaker har fått utfordringar med å halde fram i stillingane sine. I 2023 har vi hatt to arbeidstreningsprosjekt i samarbeid med NAV, og eit av tilfella har munna ut i ei fast deltidsstilling.

MÅL

Handlingsplanen for HMS tek utgangspunktet i våre verdier – Stolt, frisk og ekte. Handlingsplanen vert jamleg følgt opp av leiargruppa gjennom året og er fast på agendaen i styremøte. Handlingsplanen for 2023 er vist i tabellen under og består av målsetningar og tiltak.

Stolt - å skape gode HMS-resultat

HMS skal prioriterast i alle våre aktivitetar

1	(SM) Uønskte hendingar: Rapportere, følge opp og lukke minst 150, her av 60 % HMS-relaterte.
2	(SM) Forbetningsforslag: Rapportere, følge opp og lukke minst 150.

Frisk - det førebyggjande og inkluderande HMS-arbeidet

Mål: Sjukefråver < 3,5 %

3	Kultur/haldning: Gjennomføre «Produksjonsmøtet» (personalsamling med fokus på både fagleg og sosialt innhald)
4	Kultur/haldning: Gjennomføre mindre sosiale samlingar (kan med fordel vere på tvers av avdelingar)

Ekte - å byggje ein god HMS-kultur

Mål: 100% av tilsette vurderer sin leiar som positivt oppteken av HMS; 100% brukar personleg verneutstyr; Haldningar og synlege, gode rollemodellar. Skape tryggleik for å seie frå og følge opp RUH.

5	Kultur/haldning/leing: Gjennomføre medarbeidarsamtale for alle med fokus på psykososialt arbeidsmiljø
6	Eg går ikkje forbi: Eg seier HEI når eg går forbi Det er lov spørje om nokon ikkje har det så bra Sei ifrå ved brot på HMS reglar Ein må gje tilbakemelding, både gode og kritiske – på ein venleg måte

EIGNE TILSETTE

Data om verksemda sine tilsette er henta ut frå lønssystemet.*

Kjønn	Tal tilsette per 31.12.23
Mann	79
Kvinne	25
Andre	0
Ikkje rapportert	0
Totalt tal tilsette	104

SFE hadde 13 nyttilsette i 2023. Av desse var 4 kvinner og 9 menn. I tabellen nedanfor er ei oversikt over tal årsverk i SFE i 2023.

Kategoriar av tilsette	Kvinne	Mann	Andre	Ikkje rapportert	Totalt
Totalt tal tilsette i årsverk	22,4	78,5	0	0	100,9
Fast tilsette, årsverk	21,8	75,9	0	0	97,7
Midlertidig tilsette, årsverk	0,6	2,6	0	0	3,2
Tal timeløna tilsette, årsverk	0,3	0	0	0	0,3
Tilsette fulltid, årsverk	20,4	77,6	0	0	98,0
Tilsette deltid, årsverk	2,0	0,9	0	0	2,9

*Tala gjeld for SFE Produksjon AS og Sogn og Fjordane Energi AS samla, og for begge tabellane over. Sistnemnde er morselskapet, som i 2023 hadde ein tilsett per 31.12.23 (konsernsjefen).

SFE har i praksis nesten ingen deltidsarbeidarar. Dei det gjeld jobbar innafør reinhald og ønskjer sjølv å jobbe deltid, eller der er forhold knytt til ufør.

Turnover i SFE har historisk sett vore låg. I 2023 var det 14 personar som slutta – 4 kvinner og 10 menn.

MANGFALD

Toppleiinga i SFE-konsernet har i 2023 vore ei leiargruppe på åtte – 8 – personar. Av desse har 2 vore kvinner (25 prosent), og 6 menn (75 prosent). Aldersfordelinga av dei tilsette i SFE er slik:

Aldersgruppe	Tal tilsette	Prosent
10-19 år	1	0,96
20-29 år	6	5,77
30-39 år	17	16,35
40-49 år	27	25,96
50-59 år	31	29,81
60-69 år	22	21,15
SUM	104	100,00

HELSE OG TRYGGLEIK

Alle dei tilsette er ein del av HMS-systemet i verksemda. HMS-systemet er i tråd med norske standardar og lovverk.

Sjukefråværet i 2023 var på 4,89 prosent totalt, mot 4,93 prosent i 2022. Korttidssjukefråværet var på 1,42 prosent, og langtidssjukefråværet var på 3,47 prosent. Konsernet har eit mål om at sjukefråværet skal vere under 3,5 prosent.

Vi hadde to personskadar i 2023 der begge medførte fråvær. Ein av skadane var alvorleg og medførte eit langvarig sjukefråvær.

Vi følger sjukefråværet og oppfølginga av sjukmelde tett. I tillegg har vi retta eit særskilt fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet. I ei tid med store endringar er det naturleg at dette skapar noko uro og usikkerheit.

Det var ingen dødsfall hos eigne tilsette i SFE i 2023.

KOMPENSASJONSMÅLINGAR (LØNSGAP OG TOTAL KOMPENSASJON)

Lønsskilnaden mellom kvinner og menn er på nesten 11 prosent – definert som at kvinner si snittløn ligg på rett under 90 prosent av snittløna til menn. Skilnaden mellom høgast betalte tilsett og medianen av alle tilsette er kr. 981.640,-.

Lønstala gjeld SFE Produksjon AS.

VARSLAR OG HENDINGAR

Det har ikkje vore hendingar å rapportere på i 2023.

S3 LOKALSAMFUNN



PÅVERKNADER, RISIKOAR OG MOGLEGHEITER

Å drive og utvikle fornybarprosjekt på lag med naturen – det er samfunnsoppgåva vår. I Noreg – og i heile verda – er vi avhengige av meir fornybar energi om vi skal nå klimamåla. Det er viktig for oss at lokalsamfunna får ta del i vår verdiskaping. Mellom anna i form av ulike skattar og avgifter frå straumproduksjonen vår, utbyte vi deler ut til eigarkommunar og skattebeløp frå SFE-tilsette som er busette i kommunen.

Totalt fekk vertskommunane våre 180 MNOK i 2023 i form av skattar og avgifter, sjå tabellen under.

Nøkeltal	Eining	2023	2022
Skatt som tilsette i SFE-konsernet bidreg med til kommunane	MNOK	32,5	65,0
Verdi av konsesjonskraft til kommunar	MNOK	58,0	73,1
Verdi av naturressursskatt til kommunar*	MNOK	19,5	19,3
Vindkraftavgift Fjaler	MNOK	2,2	0,6
Konsesjonsavgift	MNOK	11,3	11,2
Eigedomsskatt	MNOK	39,8	45,0
Utbyte til eigarkommunar med direkte eigarskap**	MNOK	17,1	0
Sum bidrag til vertskommunar	MNOK	180,4	214,2

Kommentarar til tabellen: I tala frå 2023 er Linja AS ikkje inkludert då selskapet fusjonerte med Mørenett i 2023. Difor går særleg skatt frå tilsette til kommunane mykje ned. Eigedomsskatten går også noko ned. I utbetalingar knytt til naturressursskatt er Fylkeskommunen trekt ut (*) og i utbetalingar knytt til utbyte (**) er Sogn og Fjordane Holding og Eviny trekt ut. Alle kommunar i gamle Sogn og Fjordane Fylke er medeigarar i Sogn og Fjordane Holding og har difor også indirekte eigarskap i Sogn og Fjordane Energi. Desse verdiane er heller ikkje med i tabellen overfor. Det er stor nedgang i verdi av konsesjonskraft i 2023, noko som skuldast svært stor nedgang i kraftprisen i N05 i 2023 i høve til 2022 (frå 193 øre/kWh til 76 øre/kWh).

RETNINGSLINJER

SFE har ei overordna retningslinje for berekraft; «Policy for energi, berekraft, klima og miljø», utvikla i 2020. Denne står nærare beskrive i kapittel E1 Klimaendringer, Retningslinjer

Om berørte lokalsamfunn seier retningslinja at «SFE skal bidra til berekraftige lokalsamfunn, m.a. gjennom elektrifisering og nye grønne kompetansearbeidsplassar».

I «policy for ytre miljø og vassdrag» er medverknad eit eige tema, sjå E4 Natur og biologisk mangfald:

«SFE Produksjon skal i all vår prosjektaktivitet ha aktiv og god dialog med, og vere lydhøyre overfor fråsegn og innspel frå, styresmakter, representantar for ålmenne interesser og lokalbefolkning/grunneigarar, og ta dette med i eigne vurderingar». «SFE Produksjon skal vere synleg og deltakande i lokale, regionale og nasjonale diskusjonar som vedkjem selskapet og kraftbransjen i miljørelaterte saker, og søkje samarbeid med andre aktørar i bransjen».

I Strategiplanen for SFE Produksjon 2021–2025, styrevedtak 23.08.2022, har vi følgande punkt knytt til lokalsamfunna våre.

- Verdiskapande vekst innan fornybar kraftproduksjon og grøn omstilling.
- Bidra til berekraftige lokalsamfunn med god forankring for energi-produksjon lokalt
- Tett samhandling i alle fasar ved utvikling av nye prosjekt der ein legg vekt på innspel frå lokalsamfunn og vertskommunar
- Optimalisere prosjekt for størst mogleg lokale ringverknader knytt til dei investeringar som skal gjerast

I kommunikasjonsstrategien til SFE er lokalsamfunna våre ei viktig målgruppe. Vi skal ha ein open og ærleg dialog og vi skal vere tilgjengelege. Vi skal bidra med verdiskaping gjennom elektrifisering og produksjon av fornybar energi, vere synlege i ulike kanalar (folkemøte, sosiale media, web, media og aktivitetar) og satse på sponsorsamarbeid.

INVOLVERING AV PÅVERKA INTERESSENTAR

Våre kraftverksprosjekt er omfatta av NVE sitt regelverk om konsesjonsavklaring, konsesjonsøknad, revisjonsinstituttet og konsekvensvurdering. Ved planlegging av nye prosjekt, søker vi tidleg dialog med grunneigarar og lokalsamfunnet rundt prosjektet. I tillegg til dei formelle høyringsprosessar, er det vanleg å gjennomføre lokale informasjonsmøte der lokalsamfunna får sjå planar og kome med spørsmål og tilbakemeldingar.

I det norske konsesjonssystemet som NVE forvaltar, er det etablert prosessar for medverknad og høyring av berørte partar, slik at dei gis moglegheit til å uttrykke bekymring knytt til ytre påverknader som eit energiprojekt/tiltak kan få. Det same gjeld for tiltak som fell inn under andre lovverk, t.d. plan- og bygningslova, som kommunane forvaltar. Generelt

kan vi seie at eit kvart tiltak som ikkje er å sjå på som enkelt vedlikehald av eksisterande anlegg, må søkast om, og dermed må innom NVE eller kommunen som vurderer kva partar som må høyrast og omfanget av høyringa, før eit vedtak kan fattast.

Informasjonsmøte og synfaringar med lokale interessentar er viktige arenaer for å gi interessentane moglegheit til å ytre sine meiningar og kome med innspel og synspunkt til moglege løysingar på ei sak eller miljøutfordringar. SFE har gjennom åra arrangert mange slike treffpunkt der m.a. grunneigarar, kommune, Statsforvaltar, Miljødirektorat, NVE, frivillige lag/organisasjonar, fagekspertise og i fleire tilfelle media, er representert. Fritt ordskifte i media er jamleg nytta av interessentar, og SFE deltek ofte i debatten med faktainformasjon og innlegg/svar på lesarinnlegg.

TILTAK OG AKTIVITETAR

Vi ønskjer å bidra til bulyst og framtidige arbeidsplassar i lokalsamfunna våre. Vi har god kontakt med lokale skular frå barneskular og oppover til vidaregåande opplæring. Det legg eit godt grunnlag for å bli kjende med SFE og lære om fornybar energiproduksjon. Vi samarbeider med opplæringsinstitusjonar som Vite-Meir senteret på Kaupanger og Ungt Entreprenørskap. Når vi reiser ut på skulebesøk, har vi prosjekt om energiproduksjon og gjerne i kombinasjon med «Energikamp-leik». Framtidas arbeidstakarar er viktige for oss, men vi har også som stor aktør eit ansvar for å bidra med inspirasjon og læring til born og unge innan viktige tema som energi, klima og miljø. Vi tilset lærlingar innan elektrooperatørfaget og vi samarbeider med HVL (Høgskulen på Vestlandet) og var ein pådrivar og økonomisk støttespelar for at elkraft-studiet vart etablert i Førde. Årleg tilset vi nyutdanna trainee-ar gjennom Framtidsfylket sitt trainee-program. Vi bygger kjennskap til SFE frå barneskulealder og legg til rette for framtidige arbeidsplassar, slik at unge kan kome heim til lokalsamfunna sine etter endt utdanning.

Vi ønskjer å skape verdiar gjennom lokale tiltak og sponsorsamarbeid. Det er mange eldsjeler i lokalsamfunna våre, og vi støttar årleg kring 60–80 lag, organisasjonar og arrangement som vi meiner bidreg til bulyst. I sponsorsamarbeida prioriterer vi områder vi har aktivitet i. Vi støttar til dømes alt frå lokale 4H-klubbar til idrettslag, korps, kor, pensjonisttreff og arrangement som konsertar og skodespel. Vi har også inngått fleire samarbeidsavtaler med lokale tur-, jakt- og fiskelag om bruk og vedlikehald av bygningar (hytter) som SFE/Svelgen kraft eig i fjellet. Her bidreg SFE med materiell og frakt, medan laga utførar vedlikehald på dugnad mot elles fri bruk av bygningane til friluftsføremål.



Det er ikkje kvart år vi har større utbyggingar, men når vi har det, har vi fokus på tidleg dialog med grendeutval etc. i bygder der vi planlegg større prosjekt. Målet er å finne gode løysingar på gjenyting når vi veit at aktiviteten vår påverkar bygdene (til dømes anleggstrafikk, støy etc.). Vårt mål er at lokalsamfunna rundt der vi utviklar prosjekt, skal sitte igjen med varige verdiar. I samband med utbyggingsprosjektet "Nye Øksenvane", hadde vi i 2023 fleire møter med grendeutvalet og "Liv og lyst-gruppa" i Ålfoten og vi deltok også på folkemøter med informasjon om komande prosjekt. I dette prosjektet er tilrettelegging av lokal bruk av steinmasse eit eksempel på samarbeid med bygda. Under anleggsperioden, som etter planen skal starte i 2024, drøfter vi til dømes stans i anleggstrafikk i tidsrommet rundt skulestart og skuleslutt.

I Ålfoten eig SFE eit område som heiter Sigdestadneset. I 2023 starta vi planlegginga med å omregulere dette området, som har eit stort potensiale for aktivitet og verdiskaping i bygda. I forkant har vi hatt fleire møter med grendeutvalet i bygda. Deira innspel blir lagt til grunn i planlegginga. Vi planlegg også å bruke steinmassar frå utbygginga for å lage eit friluftsområde i Lunden i Ålfoten, for båt- og friluftsfolk.



Kraft i Vest

Kraft i Vest er vår årlege næringskonferanse på Sandane som samlar 300 engasjerte deltakarar frå bransje og region. I tillegg inviterer vi skuleklasser frå vidaregåande skule og frå Høgskulen på Vestlandet. Kraft i Vest er ein arena for kunnskapsdeling mellom akademia, politikarar og næringsliv, med hovudvekt på energitema. Berekraft har ein fast plass på agendaen. Kraft i Vest arrangerer vi i lag med våre partnerar Sparebanken Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, Innovasjon Norge og Vestland Fylkeskommune.



Drivprisen

Drivprisen vart etablert i 2019 av SFE i lag med Innovasjon Norge, Sparebanken Sogn og Fjordane, Vestland Fylkeskommune og Høgskulen på Vestlandet. Drivprisen er ein grøn innovasjonspris. Den skal premiere og inspirere idear, teknologi og menneske som siktar på å bli ein viktig del av klimaløysinga. Vinnarane av Drivprisen vert kåra under Kraft i Vest-konferansen på Sandane. Vinnar i 2023 var Renasys AS.

5. Forretningsmessige forhold

SFE forhold seg til tilrådinga frå NUES når det gjeld eigarstyring og selskapsleiing. NUES står for «Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing» og er det organet som utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing i Noreg. Tilrådinga skal bidra til å klargjere rolledeiinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som følger av lovgjeving. SFE er ikkje blant selskapa som pliktar å følge NUES si tilråding, men vi har valt å likevel følge denne innanfor dei rammer som selskapet si organisasjonsform og eigarskap tillét. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding. SFE si foretaksstyring er innretta for å realisere konsernet sine langsiktige målsettingar. Foretaksstyringa er basert på vedtektene og styrevedtekte verdigrunnlag og styringsprinsipp. Ut frå dette skal etablerte styringsprosessar og organisasjonen skape aktivitetar som sikrar målrealisering og kontroll.

«Policy for forvaltning og utvikling av anlegg og verdier» har fokus på forretningsmessig verdiskaping, lønsemd og resultatoppnåing. Slik optimalisert og systematisk forvaltning og

utvikling av kraftanlegg skjer innanfor gjeldande ramme- og konsesjonsvilkår, og innanfor eigen policy for energi, berekraft, klima og miljø. Policyen er forankra i SFE Produksjon sitt styre i 2021.

«Strategi for drift og vedlikehold av kraftverk, anlegg og verdier» og fokuset på å ha «driftsklare aggregat [...] på kort og lang sikt» er i tillegg til å handle om selskapets økonomi, eit viktig bidrag inn mot reduksjon og tilpassing til klimaendringar. Korleis vi planlegg og gjennomfører drift og vedlikehold med fokus på risikostyring gjennom m.a. innhenting av måledata, førebyggjande periodisk og tilstandsbasert tilsyn og implementering av FDV-prosjekt i årsplan, budsjett, revisjonsplanar og langtidsplanar, er omtalt her. Strategien er vedteken av styret, og produksjonsdirektør / kraftverkssjef er ansvarleg. Policyane nemnt over er ein del av styrande dokument som er tilgjengeleg i ERP-systemet vårt.

Korleis vasshushaldet igjennom året vert optimalisert har stor betydning for kor mykje energiproduksjon vi får ut av tilgjenge-

lege ressursar, i tider på året når energi trengs i samfunnet. Dette får igjen stor betydning for vårt bidrag med fornybar kraft i marknaden. Marknadsmekanismane knytt til kraftpris gjev signal som tilseier gode prisar når samfunnet har mest behov for produksjon. Ein kraftprodusent som opererer med forretningsmessig fokus vil då også bidra med driftsklare aggregat (balansekraft) når samfunnet etterspør det mest.

BEDRIFTSKULTUR OG RETNINGSLINJER

Gjennom mellom anna styreforankra innkjøpsstrategi og etisk plattform for tilsette skal vi sikre at SFE si verksemd er i samsvar med eigarar og samfunnet sine etiske forventingar. Openheitslova som vart innført 01.07.2022 er også med på å auke fokuset på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold hos våre leverandørar og i vår verdikjede.

Som eit ledd i dette arbeidet må alle våre leverandørar signere på at dei vil følge SFE sine etiske retningslinjer med omsyn til å etterleve gjeldande lover og reglar og sentrale FN- og ILO-konvensjonar innan ESG-området.

Verdi- og etikkplattforma er sjølve berebjelken for SFE sitt virke. Her tydeleggjer vi det som skal prege miljø og prosessar internt, og kva som skal kjenneteikne våre verdier, haldningar og åtfærd. For nokre år sidan etablerte SFE eit etisk utval, som skal vere ei støtte for vurderingar kring etiske problemstillingar, og ein stad der tilsette fortruleg kan kome med spørsmål rundt etikk, drøfte løysingar og få råd. Ved behov tek utvalet ansvar for vidare handsaming av saker og problemstillingar. Vi meiner at god eigarstyring og selskapsleiing vil styrke tillit og bidra til størst mogleg verdiskaping over tid, til beste for aksjeeigarar, tilsette og andre interessentar.





Sogn og Fjordane Energi
Post- og besøksadresse:
Sørstrandsvegen 227,
6823 Sandane
post@sfe.no
www.sfe.no

Telefon: 57 88 47 00